

2023

# Årsmelding 2023 – Ål kommune



Karsten Popp Dideriksen

Rådmann

# Årsmelding 2023 – Ål kommune

|  |           |
|--|-----------|
| <b>ORGANISASJON OG LEIING.....</b>   | <b>2</b>  |
| ÅRSMELDING 2023 FRÅ ORDFØRAREN .....   | 2         |
| RÅDMANNEN HAR ORDET .....  | 4         |
| <b>PERSONAL OG ORGANISASJON.....</b>   | <b>6</b>  |
| POLITISK ORGANISERING.....   | 6         |
| ADMINISTRATIV LEIING.....  | 7         |
| ÅRSVERK .....  | 8         |
| LIKESTILLING .....   | 8         |
| ÅL KOMMUNE HAR IKKJE NOKON PLAN FOR LIKESTILLING, MANGFALD OG INKLUDERING. RÅDMANNEN VIL I PLANSTRATEGIEN FORESLÅ AT DET BLIR LAGA EIN SLIK PLAN. KOMMUNEN LEGGER VEKT PÅ LIKESTILLING OG IKKJE DISKRIMINERING I ALLE TILSETTINGAR ..... | 8         |
| HMS.....   | 9         |
| SJUKEFRÅVÆR .....  | 9         |
| STATUS SJUKEFRÅVÆR OG HMS .....  | 9         |
| INTERNKONTROLL.....  | 9         |
| BUDSJETTPREMISS.....   | 10        |
| <b>ØKONOMIRAPPORTERING DRIFT.....</b>  | <b>11</b> |
| SENTRALE INNTEKTER.....  | 11        |
| FINANSINNTEKTER OG -UTGIFTER .....   | 13        |
| AVSETTINGAR OG ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR – TIL DISPOSISJON FOR TENESTEOMRÅDA.....   | 15        |
| KOSTRA HOVDATAL .....  | 20        |
| <b>INVESTERINGAR .....</b>   | <b>20</b> |
| <b>SAMFUNNS- OG BEFOLKNINGSUTVIKLING .....</b>   | <b>25</b> |
| <b>KOMMUNEN SINE TENESTEOMRÅDE.....</b>  | <b>26</b> |
| SENTRALADMINISTRASJON .....  | 26        |
| OPPVEKST .....   | 28        |
| HELSE OG OMSORG .....  | 33        |
| KULTUR.....  | 39        |
| ÅL KULTURHUS .....   | 41        |
| DRIFT OG UTVIKLING.....  | 42        |
| VATN, AVLØP OG RENOVASJON – SJØLVKOST .....  | 44        |
| INTERKommunale tenester.....   | 46        |
| FINANS .....   | 48        |

## Organisasjon og leiing

### Årsmelding 2023 frå ordføraren

2023 har vore eit krevjande år for verda. Med krigføring i Ukraina og Gaza har verda koma nær, med folk på flukt og den såkalla dyrtida, som påverkar både økonomien, investeringsviljen og bekymring for framtida. For Ål har det samtidig vore eit godt år. Me var meir enn 5000 innbyggjarar ved årsskiftet! Det er ei stor glede og eit stort ansvar. Her gjeld det å mobilisere slik at både nye og etablerte ålingar kjenner at dei høyrer til og blir rekna med i den lokale samfunnsveven. Det er kvar og ein av oss sitt ansvar. Året har også vore godt for Ål kommune økonomisk, og kommunestyret har m.a. støtta unge etablerarar, straumkundar i Ål kraftverk og attpå til betalt ned historiske 200 mill. i gjeld. «Gleda og sorga di vandrar til hope», seiest det, og ingenting er sannare enn det når ein summerer opp 2023, med blikket sett frå Ål si side.

For mange av oss vil nok «Hans» vera det første som kjem oss i hug, når me tenkjer attende på 2023. Ikkje sidan naturøydeleggingane i 1876 har naturen herja så brutalt i kommunen vår og sett så djupe spor etter seg, både fysisk og psykisk. Kjensla av det enorme alvoret, over uvissa om kor det kom til å rasa dei neste timane og kor me måtte evakuere folk frå heimen, takksemda over geologen som følgde kriseleiinga og gav politiet og oss viktig rettleiing og rådgjeving, maskinkøyrarar som strekte strikken i overkant langt for å trygge infrastruktur, eigedomar og innbyggjarar, nabokommunar og hotell som tok imot våre eigne, tolmodige turistar som vart sitjande fast og vart del av det fine evakueringsmiljøet på Ål kulturhus, innbyggjarar som opna heimane sine for folk dei aldri har møtt, naboar som tok ansvar for kvarandre, den store kjensla av å høyre til og stå i dette saman, av å sjå eit lokalsamfunn som mobiliserte 24-7. Det finst berre eitt ord for alt dette: Takk!

Mange sit med store bekymringar framleis. Mange har kjent på det å bli utrygg i eigen heim, at ein kjenner det i magen når kraftig regnvær strøyme på, bekymring rundt økonomiske utlegg og avklaringar rundt rassikring, tiltak og status for eigen heim. Det er ein omfattande ryddejobb som må gjerast, og enorme kostnader i spel. Heile kommunen vil etter kvart bli undersøkt med tanke på ras og skredfare.

Men 2023 er meir enn herjingane under og etter «Hans».

Eg vil kort nemne eit utval høgdepunkt frå 2023:

- Filmen om kraftutbygginga «Det kvite gullet» vart ein publikumssuksess på Ål kino.
- Top Camp Hallingdal feira sitt 10-års-jubileum.
- Jonsokfeiringa Elvelangs ved Ål camping har vorte ein tradisjon.
- 10.klassefestival for alle ungdomar i Hallingdal var ein suksess også dette året.
- Gjestespel i Tolleivsgarden vart arrangert for første gong.
- Normisjon arrangerte «Tur med tru», der misjonærar frå Hallingdal frå tidleg 1800-tal og fram til i dag fekk merksemrd.
- Sykkelstigen «Bråtabakkjin» vart opna med mange unge og etablerte syklistar.
- Leveld Kunsnartun har fått auka tilskot i statsbudsjettet.
- Ål Intro arrangerte i samarbeid med Skarslia akuttmottak og Ål kommune eittårsmarkeringa for invasjonen i Ukraina.
- TV-aksjonen gjekk til Redd Barna si satsing « La barn leve i fred». Det vart arrangert skuleløp for alle klassar i Ål. Kommunen kom øvst på pallen for andre gong på rad!
- Torpo idrettslag feira sitt 100-års-jubileum med brask og bram på Bakketun.
- Rema 1000 Ålingen vart kåra til «Årets jobbskapar» under ein «Alle tiders torsdag», arrangert av NAV og VINN.
- Opninga av Austvoll bru i Flå kommune.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

- Veteran treffet den 8. mai vart arrangert på Nesbyen ved dei engelske gravene.
  - Hallingdal sjukestugu opna «Pusterommet» for pasientar som er i kreftbehandling.
  - Hallingdal sjukestugu innfører biletdiagnosering / røntgen ved hjelp av kunstig intelligens.
  - Innovasjons- og berekraftssenteret vart høgtideleg opna på Torpomoen.
  - Satsing på høgare utdanning er godt i gang, med skreddarsydde og samlingsbaserte studier ved Utdanningssenteret på Geilo og Torpomoen. Campus Hallingdal opnar hausten 2024.
- 
- Takk til alle dei ti brurepara eg har fått glede av å vie i 2023!
  - Takk til alle flotte og imponerande spreke 100-års-jubilantar eg har fått besøke dette året!
  - Takk for alle møte og samtalar på ordførarbenken, i frukostmøte, på bedriftsbesøk, på Hallingdalskonferansen og til alle fine 5.klassingar for samarbeid om «Vårt lokalsamfunn».
  - Takk til bedrifter og styre i Kleivi næringspark som har lagt ned ein stor innsats for å ferdigstille parken, slik at me no kan avvikle det kommunale selskapet me har hatt med Hol kommune gjennom femti år.

Kommune- og fylkestingsvalet i september 2023 førte til blåblått fleirtal i nye Buskerud fylke. I Ål har kommunestyret no 25 representantar fordelt slik: 8 Ap, 7 H, 6 Sp, 2 FrP, 1 V og 1 SV. Raudt stilte også liste i Ål, men fekk ikkje nok stemmer til å bli valt inn denne gongen.

Takk for valkampen, drøftingane og debattane. Me har godt av å brynast og setja politisk dagsorden og nye mål for dei fire komande åra. Takk for tilliten frå veljarar og kommunestyret, som gjer at eg fekk halde fram som ordførar. Det er eg både audmjuk og takksam for! Gratulerer til Jørund Li (H) som er ny varaordførar.

Eg opplever at det politiske og administrative samarbeidet ser ut til å halde fram like godt som det har vore. Det betyr mykje for kommunen vår og for utviklinga i lokalsamfunnet. Me bruker kreftene rett når me kan drøfte politiske saker og samtidig trivast i lag. Takk til alle som gjer sitt for å få dette til!

2023 er også eit år der mange har kjent på sorg over å miste. Eg sender alle pårørande ei ekstra varm helsing. I små lokalsamfunn er det viktig å løfte fram enkeltmenneska som kvar for seg og i saman skaper små og store endringar og utviklar samfunnet, i det frivillige og i arbeidslivet. Takk til kvar og ein av dykk. Eg er stolt og takksam for å få vera folkevalt og ambassadør for Ål kommune.



**Solveig ordførar**

## Rådmannen har ordet

Året 2023 har vorte prega av krigen i Ukraina, utfordringar i næringslivet og ekstremvêret «Hans» sin herjing i Ål kommune.

Når eg ser attende på 2023 og alle utfordringar blir eg takksam og imponert over kva vi som lokalsamfunn har fått til og korleis vi saman handtera svært krevjande situasjonar.

Ål er ein god plass å leve. Det har vi fått bekrefta også i 2023.

## Økonomisk resultat

| Resultatmål                                 | R 2018 | R 2019 | R 2020 | R 2021 | R 2022 | R 2023 |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Netto driftsresultat (Tall i mill. kr.)     | 22,3   | 17,1   | -0,2   | 7,1    | 63,3   | 182    |
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 3,69 % | 2,76 % | -0,3%  | 1,11 % | 9,22 % | 21,9 % |

Det må og nemnast at Ål kommune betalte kr 200 millionar i ekstra avdrag på gjeld i 2023.

Årsaka til det gode resultatet i 2023 er i stor grad relatert til ei krise i Europa og som følgje av krisa høge kraftprisar.

Rekneskapen og årsmeldinga syner at Ål kommune totalt sett har ein god økonomi.

Rådmannen vil understreke at utgiftene til drift framleis er for høg når ein ser på kommunens inntekter utanom kraft.

Kommunen må tilpasse drifta medan ein har god økonomi. Det gjer at omstillingsprosessane kan få nødvendig tid.

## Demografi

Der er ein del av demografien på Ål som vi må sjå spesielt på.

Vi er i starten av den såkalla eldrebølga. Heile landet får ein sterk auke i talet på eldre dei neste 25 år. Det slår noko ulikt ut for dei enkelte kommunar.

Gjeldande framskriving av talet på personar over 67 år i Ål er:

|      | 67-79 | %    | 80-89 | %    | > 90 | %   | > 80 | %    | Befolking |
|------|-------|------|-------|------|------|-----|------|------|-----------|
| 2022 | 683   | 14,7 | 235   | 5,1  | 75   | 1,6 | 310  | 6,7  | 4652      |
| 2030 | 787   | 17,2 | 342   | 7,5  | 79   | 1,7 | 421  | 9,2  | 4581      |
| 2040 | 794   | 17,4 | 466   | 10,2 | 134  | 2,9 | 600  | 13,1 | 4568      |
| 2050 | 730   | 16,2 | 489   | 10,8 | 199  | 4,4 | 688  | 15,2 | 4503      |

Vi skal særleg merke oss at på 15 år frå 2025 til 2040 vil talet på eldre > 80 år doblast. Vi legg også merke til at det er eit forsiktig anslag over utviklinga i innbyggjartal.

Det er vanskeleg å vite korleis dei eldre sine behov ser ut om 10-20 år. På den eine sida vil truleg dei eldre vera friskare, på den andre sida truleg meir kravstore enn generasjonen før. Det vil truleg verta fleire som

bur åleine og fleire vil ha sine nære pårørande andre stader i landet. Kanskje vil fleire kjøpe privat hjelp enn i dag og fleire vil truleg bu i lettstelte bustader der dei kan greie seg lenger sjølve.

Denne utvikling MÅ vi ta på alvor å planlegge for.

I tillegg har vi utfordringar med å rekruttera fagfolk i fleire stillingar – spesielt innan oppvekst og helse.

Vi må endre våre tenester samstundes som vi må halde fram med satsinga på «Bu- og Bli-lyst» og andre tiltak for å snu utviklinga dei kommande åra.

**Eg er svært imponert over korleis våre tilsette har takla arbeidsdagane.**

**Eg er stolt over å få vere med på eit så godt arbeidslag.**




**Karsten Popp Dideriksen**  
**Rådmann**

## Personal og organisasjon

### Politisk organisering

#### Organisasjonskart



| Tal på saker i utval                       | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|--|------|------|------|------|------|
| Kommunestyret                              | 139  | 96   | 93   | 105  | 188  |
| Formannskapet                              | 87   | 94   | 88   | 99   | 132  |
| Sektor for helse og omsorg                 | 19   | 18   | 33   | 58   | 52   |
| Sektor for kultur og oppvekst              | 46   | 49   | 55   | 87   | 45   |
| Sektor for teknisk, næring og ressurs      | 102  | 149  | 141  | 134  | 124  |
| Næringsstyret                              | 34   | 40   | 53   | 40   | 24   |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 4    | 7    | 18   | 41   | 29   |
| Eldreråd                                   | 19   | 13   | 29   | 19   | 9    |

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

### **Medlem i Kommunestyret:**

Lenke til Ål kommune si heimeside: <https://www.aal.kommune.no/siteassets/dokumenter/politikk-og-innsyn/kontrollutvalet-2023/kommunestyret-2023-2027.pdf>

### **Medlem i styrer, nemnder og utval:**

<https://www.aal.kommune.no/siteassets/dokumenter/politikk-og-innsyn/styrer-nemnder-og-rad-2023---2027.pdf>

### **Administrativ leiing**

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen. I rådmannen sitt leiarteam sit:

personalsjef, kultursjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef drift og utvikling og økonomisjef.

Rådmannsteam skal sikre ei heilskapleg og balansert drift av kommunen. Kvar av sektorleiarane har ansvar for sin sektor og er nærmeste leiari for avdelingsleiarane.

Økonomisjefen og personalsjefen har eit gjennomgåande ansvar innanfor sine område i heile organisasjonen. Kommunalsjef for drift og utvikling fungerer som rådmannen sin vara.

| Namn                     | Funksjon                        |
|--------------------------|---------------------------------|
| Karsten Popp Dideriksen  | Rådmann                         |
| Reidun Aaker             | Kommunalsjef drift og utvikling |
| Borghild Ulshagen        | Kommunalsjef helse og omsorg    |
| Sissel Skrindo           | Kommunalsjef oppvekst           |
| Inger Bråten             | Kultursjef                      |
| Trond Bertelsen Augunset | HR-sjef                         |
| Elin Pedersen            | Økonomisjef                     |

## Årsverk

| Org.eining                            | I år 2023     |             |              |               |
|---------------------------------------|---------------|-------------|--------------|---------------|
|                                       | Faste         | Vikar       | Mellombels   | Total         |
| Sentraladministrasjon                 | 15,40         | 0           | 8,07         | 23,47         |
| Oppvekst                              | 159,09        | 0,59        | 33,82        | 193,50        |
| Helse og omsorg                       | 140,56        | 0,09        | 35,60        | 176,25        |
| Kultur                                | 9,75          | 0           | 2,08         | 11,83         |
| Drift og utvikling                    | 56,78         | 0           | 1,00         | 57,78         |
| Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost | 9,72          | 0           | 0            | 9,72          |
| Interkommunale tenester               | 51,25         | 0           | 5,06         | 56,31         |
| <b>Total</b>                          | <b>442,55</b> | <b>0,68</b> | <b>85,63</b> | <b>528,86</b> |

## Likestilling

| Kjønnsbalanse |      | Mellombelse tilsette |      | Faktisk deltid |      |
|---------------|------|----------------------|------|----------------|------|
| Kvinner       | Menn | Kvinner              | Menn | Kvinner        | Menn |
| 765           | 244  | 212                  | 48   | 504            | 168  |

## Likestilling og likeløn

I Ål kommune er det fleire kvinner enn menn i leiande stillingar. Rådmannen si leiargrupper består av 4 kvinner og 3 menn (inkl. rådmannen).

Ål kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass og kjønnsfordelinga har vore stabil over tid. Kommunen følgjer gjeldande lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. Kommunen arbeider for likestilling og mot diskriminering i alle prosessar i kommunen si verksemd. Kvinner utgjer meir enn 80 % av kommunen sine tilsette. Kommunen speglar eit typisk bilde der kvinner vel omsorgsyrke, barnehage og skule. Kommunen har ein stor prosentdel kvinner i leiarstillingar og i rådmannen si leiargruppe er det fleire kvinner enn menn. I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Ulik lønnsnivå kjem i hovudsak av ulik stillingsplassering og utdanning. Kommunen sin lønnpolitikk skal sikre lik utvikling av løn for kvinner og menn. Det er til ei kvar tid fokus på likelønn innanfor same yrkeskategori. Dette er særleg aktuelt ved nyrekrytering og ved lokale lønnsforhandlingar. Likestillingsprinsippet gjeld også kvalifiserte søkjrarar med innvandringsbakgrunn. Ved tilsettingar er kommunen opptatt av å tilby heiltidsstillingar så langt som mogleg.

Ål kommune har ikkje nokon plan for likestilling, mangfald og inkludering. Rådmannen vil i planstrategien foreslå at det blir laga ein slik plan. Kommunen legger vekt på likestilling og ikkje diskriminering i alle tilsettingar

## HMS

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,75 %  | 4,49 %  | 7,24 %          |

### Status sjukefråvær og HMS

#### Nærvårsabeid

Medan sjukefråvær i kommunen (legemeldt og eigenmeldt fråvær) før korona har vore på 7,1 % og 7,2 %, låg sjukefråvær i 2023 på om lag 7,24 %. Det er framleis noko fråvær grunna korona og langtidskorona. Kommunen arbeider aktivt for å førebygge og redusere sjukefråværet, m.a. med eit «Tett-på» prosjekt i samarbeid med Medco for å redusere sjukefråvær i einkilde avdelingar.

### Etiske retningslinjer

Ål kommune legg stor vekt på rettskaffenheit, ærlegdom, rettferd, tillit og openheit i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleva desse prinsippa. Folkevalde og tilsette skal vere medvetne om at dei legg grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Dei skal difor aktiv ta avstand frå, og kjempe mot all uetisk forvaltningspraksis. Som forvaltarar av innbyggjarane sine fellesmidlar vert det stilt særskild strenge krav til den enkelte medarbeidar sine etiske haldningar i sitt arbeid for kommunen. Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for å utvikle haldningar og følgje opp at tilsette er kjend med og etterlever kommunen sine etiske retningslinjer. Den enkelte tilsette har òg eit sjølvstendig ansvar for å sette seg inn i og følgje opp gjeldande etiske retningslinjer. Alle folkevalde og tilsette skal med si underskrift stadfeste at dei er kjende med dei etiske retningslinene.

Dei etiske retningslinene vert årleg gjennomgått i leiarsamlingar. I samband med gjennomgang av arbeidsgivarpolitikken vil ein og gjennomgå/revidere dei etiske retningslinene.

Ål kommune har tatt i bruk Compilo som internkontroll system. Her er det mogleg å varsle digitalt. Det er eigne rutine for varsling av kritikkverdige forhold. varslingsrutinen skal bidra til ein open ytrings- og organisasjonskultur, legge til rette for varsling og gi køyreregler for intern handtering av varslinger. Han skal også gi stabile forhold for alle partar og bidra til å førebyggje og handtere konfliktar

### Internkontroll

#### Internkontroll og avvik

Kommunelova §25-1 krev at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir fulgt.

Rådmannen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og den skal tilpassast verksemda si storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal rådmannen:

- a. utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b. ha naudsynte rutinar og prosedyrar
- c. avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- d. dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er naudsynt
- e. evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Ål kommune har teke i bruk Compilo som verktøy i arbeidet med internkontroll. Dokumentasjon og rutinebeskrivingar er i hovudsak lagt inn i kvalitetssystemet Compilo.

Det har vore gjennomgangar og fokus på bruk av Compilo når det gjeld avviksmeldingar, risikoanalyser og dokumentasjon av arbeidsprosessar. Alle leiarar har hatt tilbod om opplæring i systemet og compilo er teke i bruk i organisasjonen.

## Budsjett-premiss

### Drift

2023 har vore eit krevjande år. Ein har ikkje klart å halde drifta innanfor opphavleg budsjett. Dette har fleire grunnar som er kommentert under kapittel for den einskilde sektor.

### Investering

Vi trur at reduksjon i private investeringar vil gje kommunen høve til å skaffe ekstern bistand for å utføre oppgåver.

Ein skal prioritere å held ved like framfor å byggje nytt.

Unntak er bygging av bustader – både i eiga regi og i samskaping med private.

Ein skal og satse på omfattande ENØK tiltak i kommunale bygg.

Ål kommune må ferdigstille næringstromter.

## Økonomirapportering drift

**Avvik i kr og avvik i prosent er rekna ut ifrå rekneskapen for 2023 og regulert budsjett 2023**

| Økonomisk oversikt - drift 2023                                   | R 2022         | Rekneskap      | Reg. budsjett  | Opp.budsjett   | Avvik i kr.    | Avvik i %      |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>Driftsinntekter</b>  |                |                |                |                |                |                |
| 1 Rammertilskudd  | 159 596        | 215 284        | 146 000        | 117 500        | 69 284         | 47,5 %         |
| 2 Inntekts- og formuesskatt                                       | 165 146        | 169 546        | 158 500        | 154 500        | 11 046         | 7,0 %          |
| 3 Eiendomsskatt   | 36 576         | 44 044         | 43 600         | 34 600         | 444            | 1,0 %          |
| 4 Andre skatteinntekter   | 20 561         | 20 433         | 21 800         | 21 800         | -              | -6,3 %         |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten                       | 26 487         | 49 988         | 26 129         | 26 129         | 23 859         | 91,3 %         |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre                              | 193 786        | 244 869        | 175 122        | 179 344        | 69 747         | 39,8 %         |
| 7 Brukerbetalinger  | 19 699         | 21 905         | 18 295         | 16 660         | 3 610          | 19,7 %         |
| 8 Salgs- og leieinntekter   | 64 580         | 68 616         | 50 335         | 53 303         | 18 281         | 36,3 %         |
| <b>9 Sum driftsinntekter</b>                                      | <b>686 431</b> | <b>834 686</b> | <b>639 781</b> | <b>603 836</b> | <b>194 905</b> | <b>30,5 %</b>  |
| <b>Driftsutgifter</b>   |                |                |                |                |                |                |
| 10 Lønnsutgifter  | 364 240        | 396 484        | 376 034        | 357 874        | 20 450         | 5,4 %          |
| 11 Sosiale utgifter   | 75 773         | 84 073         | 84 987         | 80 011         | -              | -1,1 %         |
| 12 Kjøp av varer og tjenester                                     | 216 855        | 294 618        | 229 188        | 223 300        | 65 430         | 28,5 %         |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre                             | 36 473         | 48 788         | 68 192         | 40 678         | -              | -28,5 %        |
| 14 Avskrivninger  | 32 887         | 34 424         | 37 951         | 37 451         | -              | -9,3 %         |
| <b>15 Sum driftsutgifter</b>                                      | <b>726 227</b> | <b>858 387</b> | <b>796 352</b> | <b>739 314</b> | <b>62 035</b>  | <b>7,8 %</b>   |
| <b>16 Brutto driftsresultat</b>                                   | <b>-</b>       | <b>39 796</b>  | <b>-</b>       | <b>23 701</b>  | <b>-</b>       | <b>156 571</b> |
| <b>17 Renteinntekter</b>  | <b>-</b>       | <b>-</b>       | <b>-</b>       | <b>-</b>       | <b>-</b>       | <b>-</b>       |
| 18 Utbytter   | 4 065          | 9 110          | 3 830          | 3 830          | 5 280          | 137,9 %        |
| 19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler                   | 96 437         | 392 056        | 383 320        | 151 500        | 8 736          | 2,3 %          |
| 20 Renteutgifter  | -              | -              | -              | -              | -              | -              |
| 21 Avdrag på lån  | 10 331         | 15 203         | 11 058         | 14 058         | 4 145          | 37,5 %         |
| 22 Netto finansutgifter   | 19 933         | 214 064        | 216 250        | 21 250         | -              | -1,0 %         |
| <b>23 Motpost avskrivninger</b>                                   | <b>70 239</b>  | <b>171 899</b> | <b>159 842</b> | <b>120 022</b> | <b>12 057</b>  | <b>7,5 %</b>   |
| <b>24 Netto driftsresultat</b>                                    | <b>63 330</b>  | <b>182 622</b> | <b>40 722</b>  | <b>21 995</b>  | <b>141 900</b> | <b>348,5 %</b> |
| <b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>               |                |                |                |                |                |                |
| 25 Overføring til investering                                     | 4 025          | 34 959         | 34 959         | 29 392         | -              | 0,0 %          |
| 26 Avsetninger til bundne driftsfond                              | 12 452         | 64 654         | 8 548          | 8 150          | 56 106         | 656,4 %        |
| 27 Bruk av bundne driftsfond                                      | -              | 14 076         | -              | 17 420         | -              | 9 047          |
| 28 Avsetninger til disposisjonsfond                               | -              | 64 954         | -              | 100 429        | -              | 50 846         |
| 29 Bruk av disposisjonsfond                                       | -              | 4 025          | -              | -              | -              | 44 584         |
| 30 Dekning av tidligere års merforbruk                            | -              | -              | -              | -              | -              | -              |
| <b>31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b> | <b>63 330</b>  | <b>182 622</b> | <b>40 722</b>  | <b>21 995</b>  | <b>141 900</b> | <b>348,5 %</b> |

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

## Frie inntekter


Driftsinntektene hadde ei auke på kr 148,3 mill. kr eller 22 % frå 2022 til 2023. I 2023 ligg driftsinntektene 30,5 % over regulert budsjett 2023. Rekneskapen viser sum driftsinntekter på kr 834,7 mill. kr. Dette er 194,9 mill. over budsjett. I denne summen ligg posten overføringer og tilskot til andre, den utgjer 69,7 mill. kr i meirinntekt i rekneskapen sett opp i mot regulert budsjett for 2023. Årsaka til at denne summen blir så høg er at kommunen ikkje budsjetterer med utbetalingar frå NAV og tilskot til særskilde prosjekt. Samstundes inneheld denne posten refusjon frå kommunar for interkommunale tenester, som igjen har ein tilsvarende utgiftspost under driftsutgifter.

Skatteinntekter, rammetilskot, eigedomsskatt og tilskot frå IMDI/UDI utgjer størsteparten av dei frie inntektene til kommunen. Desse utgjer igjen 60 % av dei totale driftsinntektene. Skatteinngangen har ein tendens til å bli høgare enn det regjeringa legg fram i sin prognose i statsbudsjettet. Slik blei det også i 2023, skatteinngangen for Ål kommune vart over 11 mill. betre enn budsjettet.

I Budsjett 2023 blei dei frie inntektene oppjustert med til saman 41,5 mill. kr. I summen ligg ei auke i rammetilskotet på 28,5 mill. Staten varsla i oktober at Ål ikkje ville få trekk i rammetilskotet grunna høge straumprisar, det såkalla høgprisbidraget på vasskraft og vindkraft vart avvikla i 2023. Rekneskapen viser ei auke på 35 % i rammetilskotet frå 2022 til 2023. Årsaka til den store auken er at kommunen fekk 55 mill. kr i ekstra skjønnsmiddel pga. dei store utgiftene kommunen vil få etter skadane frå flaumen «Hans»

Skatteinntektene har auka med 3 % frå 2022 til 2023, dette er betydeleg lågare enn lønsveksten for same periode. Ål kommune ligg på 97 % av lands-snittet i skatteinntekter og blir difor kompensert i form av ein liten ekstra utbetaling i rammetilskotet. Skatteinntektene blei auka med 4 mill. kr i revidert budsjett. Ved årsslutt syner rekneskapen ein differanse mellom revidert budsjett og rekneskapen med 11 mill. kr.

Eigedomsskatten på kraftverk har auka med 11 mill. kr frå 2022 til 2023, grunna ekstraordinære høge straumprisar i 2022 og 2023. Fleire av kraftverka har no nådd maksimumsverdi for eigedomsskatt på kraftanlegg. Dette taket set ei avgrensing på kor mykje kommunen får inn i inntekt på eigedomsskatt sjølv om straumprisane stig. Samstundes har eigedomsskatten for fast eigedom hatt ein nedgang på 4 mill. pga. at promille satsen vart endra frå 3 til 2 promille.



## Driftsutgifter

Rekneskapen viser at driftsutgiftene blei 62 mill. kr høgare enn i revidert budsjett. Dette trass i at budsjettet vart justert opp med 57 mill. kr frå opphavelig budsjett.

Rekneskapen viser at lønsutgiftene ligg 20,5 mill. over budsjett. Det er eit meirforbruk på stort sett alle lønspostar (fastløn, vikarløn, ekstrahjelp etc.), dette påverkar igjen kostnadane til pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Enkelte sektorar har hatt store utgifter etter flaumen «Hans». Samla sett hadde Ål kommune utgifter på 10,9 mill. kr.

Posten overføringer og tilskot til andre inneheld blant anna momskompensasjon og tilskott til vidare utbetaling. Her er det eit avvik mellom rekneskapen og revidert budsjett på kr 19,4 mill.

Driftsutgiftene er også kommentert under kvar sektor.

## Finansinntekter og -utgifter

### Renteinntekter

Renteinntektene for 2023 er på 9,1 mill. dette er 124 % høgare enn i 2022. Dette har ein direkte samanheng med auken i renta, og ein auke i saldo på bankkonti pr. 31.12. på om lag 134 mill. kr.

### Utbytte

Ål kommune har tatt ut kr 391,8 mill. kr i utbytte frå Ål kraftverk KF i 2023. Dette er det høgaste overskotet i Ål kraftverks KF si historie. Hovudgrunnen til det høge resultatet i 2023 er dei prissikringane vart gjort hausten 2022 og på starten av året i 2023.

**Lenke til rekneskap og årsmelding frå Ål kraftverk KF:**

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/864952992/DmbMeeting/381>

### Renteutgifter

Rekneskapen viser ei rentekostnad på 4,1 mill. over revidert budsjett trass i at Ål kommune innbetalte om lag 200 mill. kr i ekstra avdrag på langsiktig gjeld sommaren 2023. Auken i rentekostnaden for kommunen kjem av at styringsrenta til Noregs Bank har økt frå 0,5 prosentpoeng i januar 2022 til 4,5 prosentpoeng ved utgangen av 2023.


### Avdrag på lån og lånegjeld

Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar. I tillegg gjerast det frådrag for totale utlån og ubrukte lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne midlar.) Lånegjelda bør sjåast i samanheng med netto driftsresultat og Disposisjonsfondet for å kunne vurdere beteningsevne og økonomisk soliditet ved ei renteauke.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er eit bilde på gjeldsgraden i kommunen, og seier noko om kor krevjande det kan bli å betale ned gjelta.

Grafen under syner endring i lånegjelda frå 2019 til 2023, gjelta er nesten halvert i denne perioden.

### Lånegjeld 2019-2023




Kostnaden til renter fordeler seg slik; 14 mill. kr til lån til eigne investeringar og 983 273,- til Husbanken i samband med startlån.


Kommunen tok opp eit nytt lån på 33 mill. kr i 2023 og betalte 214 mill. kr i avdrag på langsiktig gjeld.

Det er brukt 35 mill. kr av disponible lå nemiddel til eigne investeringar og 2,9 mill. kr i vidareutlån til startlån.

### Netto avdrag i % av brutto driftsinntekter



### Bruk av lån i prosent av brutto investeringsutgifter



### Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar – til disposisjon for tenesteområda

#### Overføring til investering

Det er overført kr 34 959 000,- til investeringsrekneskapen som budsjettert, desse midlane reduserer bruk av lån til eigne investeringar.

#### Fond

##### Bundne driftsfond



Midlane kjem frå ein ekstern tredjepart og er øyremerka til eigne føremål og kan berre nyttast innafor drift. Det er avsett 64,7 mill. kr til bundne driftsfond i 2023. 45 mill. kr av desse er ubrukte skjønnsmiddel i samband med Hans. Resten er prosjektmiddel som ikkje er nytta i 2023, og som skal overførast til 2024.

##### Disposisjonsfond

Ein kommune sitt disposisjonsfond er avsette ubrukte middel frå driftsrekneskapen som kan nyttast i seinare år, anten til drift eller finansiering av investeringar. Storleiken på disposisjonsfondet er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har for sin løypande drift, og er ein reserve som bør brukast til langsiktig planlegging for å kunne møte komande utfordringar i offentleg sektor. Statsforvalteren skriv vider at; avhengig av ulike risikoforhold og framtidige tiltak bør disposisjonsfondet vere stort nok for å takle svingingar i utgifter og inntekter på ein kontrollert måte. Over tid bør likevel ikkje disposisjonsfondet brukast til å oppretthalde balansen mellom inntekter og utgifter. Dette må sjåast på som ei kortsiktig løysing.

Ål kommune har vald å overføre nesten 35 mill. kr til eigenfinansiering av investeringar og dermed reduserast avsetninga til disposisjonsfondet tilsvarande.

Disposisjonsfondet har auka med 63 % frå 2022 til 2023 til kr 258,9 mill. kr. Det vart avsett 100,4 mill. kr i 2023 rekneskapen. Opphavleg budsjettert avsetnad til disposisjonsfondet var på null kr. I revidert budsjett vart dette endra til 50,8 mill. kr. Den reelle avsetninga vart dermed om lag dobbelt så stor som forventa i budsjett.



Ål kommune sitt disposisjonsfond er langt over anbefalt verdi på 1,75 % av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittleg verdi for disposisjonsfondet i perioden 2019 til 2023 er på 18,8 %. I 2023 er disposisjonsfondet på 31,1 % av brutto driftsinntekter.

#### Avsettingar til bundne fond

8,8 mill. av totalt avsett til bundne fond på kr 53,8 mill. gjeld tilskottsmiddel som er motteke, men ikkje brukt opp i 2023. Desse pengane er med på å auke netto driftsresultatet til kommunen i 2023, då dei er ført som ei inntekt på posten overføring og tilskot frå andre. Og vil redusere tilsvarande seinare år når midlane blir brukt. Dei resterande 45 mill. er avsett auke i rammetilskot i samband med skjønnsmidlar til dekking av utgifter i samband med Hans.

#### Bruk av bundne driftsfond

Det er brukt vel 9 mill. kr av tidlegare avsette tilskotsmidlar.

## Disposisjonsfond

Det er avsett 100,4 mill. til disposisjonsfondet. Dette er «overskotet» fra rekneskapen 2023.

Netto driftsresultat (NDR) er eit mål på kor mykje kommunen sit att med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene syner NDR kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunen kan disponere til å finansiere investeringar eller avsette til seinare bruk. Netto driftsresultat er eit uttrykk for kommunen si økonomiske handlefridom.


Ål kommune har eit særdeles godt netto driftsresultat i 2023 med 182,6 mill. kr. Dette er 141,9 mill. over revidert budsjett.

*Det er fleire årsaker til at Ål kommune fekk eit historisk godt resultat i 2023:*

Ål kommune fekk ekstra overføringer i rammetilskotet medio desember på 55 mill. kr som kompensasjon for utgifter til flaumen Hans. Ved utgangen av 2023 vart det utgiftsført 10 mill., det vil seie at 45 mill. kr av desse midlane er avsette til bunde fond til bruk i seinare år. Kommunane vart også kompensert via rammetilskotet for auken i løns -og pensjonskostnader. Rekneskapen viser kr 69,3 mill. kr meir i rammetilskot enn revidert budsjett, eit avvik på 47,5 %.

Inntekts og formuesskatten auka med 3 % frå 2022 til 2023, dette kan bety at Ål kommune hadde ein lågare lønsvekst enn den generelle lønsveksten i landet på 5,7 prosent i alle sektorar jf. tal frå SSB.

**Utvikling netto driftsresultat frå 2019 til 2023:**



Som grafen ovanfor viser fekk Ål kommune eit netto driftsresultat på 21,8 % av brutto driftsinntekter, dette kjem vi truleg ikkje til å sjå att. Resultatet for dei føregåande åra har vore mykje lågare og det er venta att åra framover ikkje vil gje slike resultat. I snitt har Ål kommune hatt eit netto driftsresultat på 7,1 % i perioden 2019-2023.

Statsforvalteren for Oslo og Viken skriv i sin presentasjon av økonomiske nøkkeltal for kommunane at den ekstra skatteinngangen som kommunane har fått dei seinare åra som fylgje av høgare skattevekst enn anslaget som ligg til grunn i statsbudsjettet ikkje bør brukast til tiltak som bidrar til varig auke i utgifter.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

| <b>Bevillingsoversikt §5-4, andre ledd</b>   | <b>Rekneskap 2022</b> | <b>Rekneskap 2023</b> | <b>Rev. budsjett 2023</b> | <b>Opph. budsjett 2023</b> |
|--|-----------------------|-----------------------|---------------------------|----------------------------|
| <b>Sentraladministrasjon</b>                 | 24 358 206            | 13 757 382            | 55 179 000                | 51 394 000                 |
| <b>Oppvekst</b>                              | <b>124 781 343</b>    | <b>146 561 083</b>    | <b>141 728 000</b>        | <b>135 208 000</b>         |
| <b>Helse og omsorg</b>                       | <b>179 389 995</b>    | <b>205 195 873</b>    | <b>198 085 000</b>        | <b>174 127 000</b>         |
| <b>Kultur</b>                                | <b>12 073 272</b>     | <b>13 054 222</b>     | <b>13 856 000</b>         | <b>12 265 000</b>          |
| <b>Drift og utvikling</b>                    | <b>62 754 944</b>     | <b>84 092 271</b>     | <b>90 628 000</b>         | <b>64 882 000</b>          |
| <b>Vatn, avløp og renovasjon - sjølvkost</b> | <b>-6 807 391</b>     | <b>-4 923 535</b>     | <b>0</b>                  | <b>0</b>                   |
| <b>Interkommunale tenester</b>               | <b>5 455 355</b>      | <b>7 498 996</b>      | <b>16 622 000</b>         | <b>15 231 000</b>          |
| Finans                                       | 7 939 468             | 22 971 178            | -680 000                  | -680 000                   |
| <b>Sum løyingar drift, netto</b>             | <b>409 945 191</b>    | <b>488 207 469</b>    | <b>515 418 000</b>        | <b>452 427 000</b>         |
| <b>Av dette:</b>                             |                       |                       |                           |                            |
| Avskrivinger                                 | 0                     | 0                     | 500 000                   | 0                          |
| Netto renteutgifter og -inntekter            | -104 688              | -116 880              | -100 000                  | -100 000                   |
| Avsetninger til bundne driftsfond            | 4 141 844             | 10 864 146            | 398 000                   | 0                          |
| Bruk av bundne driftsfond                    | -5 012 754            | -8 372 786            | 0                         | 0                          |
| Bruk av disposisjonsfond                     | 0                     | 0                     | 0                         | 0                          |
| <b>Korrigert sum løyingar drift, netto</b>   | <b>410 920 789</b>    | <b>485 832 988</b>    | <b>514 620 000</b>        | <b>452 527 000</b>         |

### Avvik frå budsjettramma og ressursbruk til tenesteproduksjon

Kommunen vedtek budsjettet på nettorammer, det vil seie eit kronebeløp som kan nyttast utover det budsjettområdet sjølv tek inn i inntekter. Årleg budsjettramme er avhengig av kva ein ventar av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot). Tabellen syner regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda fordelt på sektorar. Kvar enkelt sektor kommenterer sine avvik under kvar sektor.

Alle sektorane har fått kompensert for ekstra utgifter i samband med «Hans», alt som er ført på prosjekt 990 er nulla ut med refusjon frå staten.

#### Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjon har eit positivt avvik mellom rekneskapen og budsjett på kr 3,9 mill. kr, detaljar rundt økonomien vil bli greia ut under kommunen sine tenesteområde og kommentar til status økonomi. Tabellen ovanfor syner et større avvik, dette kjem av at premieavviket på pensjon ligg under sentraladministrasjon. Denne posten er omtalt ein annan plass.

#### Oppvekst

Oppvekstsektoren har eit samla meirforbruk på 4,8 mill. Utgifter til løn ligg på 11,4 mill. over budsjett inkl. sjukelønsrefusjonar. Driftsutgiftene ligg 15 mill. over budsjett. Inntektene er på 21,6 mill. over budsjett (meir inntekter i rekneskapen enn budsjettert).

#### Helse og omsorg

Sektor for helse og omsorg har eit samle meirforbruk på 7,1 mill. Dei har eit mindreforbruk på løn minus sjukelønsrefusjon med 2,2 mill. kr. Dei har ein overskridning på driftsutgiftene med 24,5 mill. kr. Av dette er 16,3 mill. bruk av vikarbyrå og 4 mill. i avsetning til bundne fond som ikkje er budsjettert.

## Kultur

Kultur har eit mindreforbruk på 0,8 mill. som hovudsakleg kjem av lågare lønsutgifter enn budsjettet.

## Drift og utvikling

Sektor for drift og utvikling har eit mindreforbruk på 6,5 mill. kr. Dei har meirforbruk på løn med 2,3 mill. kr netto meirforbruk til drift er på 4 mill.

## Finansielle nøkkeltal

| Nøkkeltal   | Mål 2020–2023 |
|---|---------------|
| Netto driftsresultat målt i prosent av brutto driftsinntekter | >1,75%        |
| Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter          | >8%           |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter           | <75%          |

### **Handlingsregel 1: Netto driftsresultat**

Som grafen over viser, har Ål kommune eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter på 21,8 % og måltalet er nådd med god margin.

### **Handlingsregel 2: Dispositionsfond**

Rekneskapen for 2023 viser eit dispositionsfond på 31,1 av brutto driftsinntekter, også dette måltalet er nådd med god margin

### **Handlingsregel 3: Netto lånegjeld**

Netto lånegjeld for 2023 er på 25,4 % av netto driftsinntekter, også denne godt under det vedtekne måltalet.

## KOSTRA hovedtal

|   | Ål 2022 | Ål 2023 | Hol     | Gol     | Hemsedal | Kostragruppe<br>05 |
|---|---------|---------|---------|---------|----------|--------------------|
| <b>Økonomi</b>  |         |         |         |         |          |                    |
| Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggar             | 141 431 | 167 521 | 176 464 | 166 070 | 166 815  | 144 284            |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -6,0 %  | -2,9 %  | -0,1 %  | 6,6 %   | 7,6 %    | 2,1 %              |
| Brutto driftsutgifter i kroner per innbyggar              | 149 881 | 172 321 | 176 567 | 155 050 | 154 126  | 141 268            |
| Frie inntekter i kroner per innbyggar                     | 69 401  | 79 294  | 76 759  | 72 361  | 80 752   | 78 004             |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter  | 9,0 %   | 21,7 %  | 1,0 %   | 4,6 %   | 8,2 %    | 3,8 %              |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggar                    | 80 312  | 42 502  | 71 383  | 94 019  | 107 097  | 103 272            |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter       | 56,8 %  | 25,4 %  | 40,5 %  | 56,6 %  | 64,2 %   | 71,6 %             |

## Investeringar

### Løyvingsoversikt § 5-5, første ledd – Investeringar

| Økonomiske oversikter                         | Rekneskap<br>2023 | Reg.<br>budsjett<br>2023 | Oppr.budsjett<br>2023 | Rekneskap i<br>fjor |
|---|-------------------|--------------------------|-----------------------|---------------------|
| Løyvingsoversikt – invest.<br>(rekneskap)     |                   |                          |                       |                     |
| 1 Investeringar i varige driftsmiddel         | 77 743 702        | 81 327 000               | 92 945 000            | 33 087 017          |
| 2 Tilskot til andres investeringar            | 2 556 250         | 2 000 000                | 0                     | 4 107 819           |
| 3 Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 1 432 143         | 1 450 000                | 1 450 000             | 1 297 618           |
| 4 Utlån av eigne middel                       | 0                 | 0                        | 0                     | 0                   |
| 5 Avdrag på lån                               | 0                 | 0                        | 0                     | 0                   |
| <b>6 Sum investeringsutgifter</b>             | <b>81 732 095</b> | <b>84 777 000</b>        | <b>94 395 000</b>     | <b>38 492 454</b>   |
| 7 Kompensasjon for meirverdiavgift            | 9 748 280         | 11 098 000               | 14 025 000            | 4 749 847           |
| 8 Tilskot frå andre                           | 1 124 992         | 0                        | 0                     | 3 565 898           |

**Årsmelding 2023 – Ål kommune**

|  |                    |                    |                    |                   |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| <b>9 Sal av varige driftsmiddel</b>                            | 1 543 341          | 1 000 000          | 1 000 000          | 961 760           |
| <b>10 Sal av finansielle anleggsmiddel</b>                     | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |
| <b>11 Utdeling frå selskap</b>                                 | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |
| <b>12 Mottatte avdrag på utlån av eigne middel</b>             | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |
| <b>13 Bruk av lån</b>  | 35 003 266         | 38 720 000         | 50 978 000         | 27 368 371        |
| <b>14 Sum investeringsinntekter</b>                            | <b>47 419 880</b>  | <b>50 818 000</b>  | <b>66 003 000</b>  | <b>36 645 876</b> |
| <b>15 Vidareutlån</b>  | 2 903 914          | 4 000 000          | 4 000 000          | 1 304 869         |
| <b>16 Bruk av lån til vidareutlån</b>                          | 2 903 914          | 4 000 000          | 4 000 000          | 1 304 869         |
| <b>17 Avdrag på lån til vidareutlån</b>                        | 1 566 611          | 2 000 000          | 2 000 000          | 4 881 726         |
| <b>18 Mottatte avdrag på vidareutlån</b>                       | 2 079 692          | 2 000 000          | 2 000 000          | 2 819 906         |
| <b>19 Netto utgifter vidareutlån</b>                           | <b>-513 081</b>    | <b>0</b>           | <b>0</b>           | <b>2 061 820</b>  |
| <b>20 Overføring frå drift</b>                                 | -34 959 000        | -34 959 000        | -29 392 000        | -4 024 868        |
| <b>21 Avsetningar til bundne investeringsfond</b>              | 1 159 866          | 1 000 000          | 1 000 000          | 2 759 503         |
| <b>22 Bruk av bundne investeringsfond</b>                      | 0                  | 0                  | 0                  | -3 619 393        |
| <b>23 Avsetningar til ubunde investeringsfond</b>              | 0                  | 0                  | 0                  | 976 360           |
| <b>24 Bruk av ubunde investeringsfond</b>                      | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |
| <b>25 Dekning av tidlegare års udekt beløp</b>                 | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |
| <b>26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>        | <b>-33 799 134</b> | <b>-33 959 000</b> | <b>-28 392 000</b> | <b>-3 908 398</b> |
| <b>27 Fremført til inndekning i seinare år (udekket beløp)</b> | 0                  | 0                  | 0                  | 0                 |

1. Investeringar i varige driftsmiddel er noko lågare enn budsjett. Ein del prosjekt måtte utsettast grunna Hans. Flaumen gjorde at eigne tilsette og entreprenørar måtte omprioritere arbeidet.
2. Tilskot til andres investeringar, 2 mill. til Baklivegen veglag etter budsjett, kr 406 000,- i internfakturering og til sist 150 000,- kr til Turveg Strandafjorden K-sak 109 (budsjettert i drift – rekneskapsført i investering)
3. Eigenkapitalinskot KLP

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

8. Justeringsrettsavtalar mva. og tilskot frå States vegvesen for trafikktryggleik
9. Kreditnota frå Viken skog vedr. næringstomter Wangen
13. Finansiering av investeringar i varige driftsmiddel med lån
- 15.–18. Gjeld Startlån frå Husbanken
20. Budsjettet overføring frå driftsrekneskapen
21. Innbetalt ekstra avdrag på startlån

### **Investeringar pr. prosjekt**

| <b>Prosjekt</b> |  | <b>R 2023</b> | <b>B 2023</b> | <b>R 2022</b> | <b>B 2022</b> | <b>Kommentar</b>   |
|-----------------|--|---------------|---------------|---------------|---------------|--|
|                 | Utan prosjekt                                    | -44 470 120   | -12 098 000   | -4 749 847    | -3 965 000    | Momskompensasjon, overføring frå drift, tilskot frå private og sal av fast eigedom |
| 006             | Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva               | 116 498       | 250 000       | 128 628       | 200 000       | Held på, «Hans» gjorde skadar  |
| 007             | Gangveg Torpo næringspark-bru Lya                | 76 406        | 0             | 92 855        | 375 000       | Feilført, alle utgifter tilhører prosjekt 013                                      |
| 010             | Renovere bad Stugu (16 rom a 250')               | 0             | 1 250 000     | 0             | 0             | Utsett   |
| 011             | Fornying låsesystem gamal del Ål helsetun        | 20 213        | 30 000        | 57 135        | 0             | Skulle vore ført på drift  |
| 013             | Næringstomter Wangen Torpo                       | 32 561 172    | 33 800 000    | 1 122 177     | 2 500 000     | Held på, blir ferdig i løpet av 2024   |
| 016             | Stavin, ny utleiebustad                          | 7 340 214     | 11 000 000    | 4 820 939     | 8 000 000     | Held på, blir ferdig i 2024. Vi får utbetalt Husbanktilskot i 2024                 |
| 017             | Heis fysikalske                                  | 682 493       | 750 000       | 0             | 0             | Ferdig   |
| 019             | Ventilasjon Tingstugu                            | 105 589       | 0             | 1 117 927     | 2 000 000     | Ferdig, men utgifter i 2023-24 er ført på prosjekt 197                             |
| 025             | Idrettshall renovering garderobar, toalettanlegg | 1 433 707     | 0             | 2 515 102     | 1 000 000     | Ført som investering utan budsjett   |
| 026             | Wifi Ål kommune                                  | 729 492       | 0             | 605 605       | 1 500 000     | Prosjektet held på, ferdig i 2024  |
| 032             | Branntrygging                                    | 1 001 614     | 1 250 000     | 969 174       | 850 000       | Held på  |

**Årsmelding 2023 – Ål kommune**

| <b>Prosjekt</b> |   | <b>R 2023</b> | <b>B 2023</b> | <b>R 2022</b> | <b>B 2022</b> | <b>Kommentar</b>  |
|-----------------|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---|
| 036             | Minihus   | 4 997 612     | 0             | 0             | 0             | Held på, ferdig i 2024. Blir utbetalt tilskot fra Husbanken.  |
| 037             | Hago Burettslag   | 5 058 617     | -1 500 000    | 0             | 0             | Inntekter frå sal av 3 eininger og Husbanktilskot kjem i 2024 |
| 043             | Omsorgsbustader unge funksjonshemma                       | 708 642       | 750 000       | 44 522        | 45 000        | Ferdig i 2023, innafor budsjett                               |
| 046             | Uteområde Nedre Ål skule (spelemiddeltilskot 2-2,5 mill.) | 109 608       | 3 000 000     | 0             | 0             | Arbeidet er forskuve til 2024                                 |
| 066             | Trafikksikring/Trafikk                                    | 546 549       | 1 825 000     | 852 283       | 625 000       | Delar av arbeidet er forskuve til 2024                        |
| 067             | Vegen Baklien – Sandelien – privat veg                    | 2 000 000     | 2 000 000     | 0             | 0             | Tilskot til private   |
| 072             | Leikeapparat skule/barnehage                              | 164 458       | 0             | 55 781        | 48 000        | Sjåast i samanheng med prosjekt 088                           |
| 088             | Nordbygdene barnehage – grunnarbeid huskestativ           | 0             | 250 000       | 0             | 0             | Utgifter ført på prosjekt 072                                 |
| 090             | Sando bhg nytt golv småbarnsavd                           | 214 012       | 200 000       | 0             | 0             | Litt over budsjett, ferdig i 2023                             |
| 092             | Renovasjonspunkt  | 239 087       | 100 000       | 608 393       | 700 000       | Arbeidet held fram i 2024                                     |
| 096             | Bilar helse/sosial  | 538 933       | 750 000       | 0             | 1 350 000     | Løpende, innafor budsjett i 2023                              |
| 103             | Ål kulturhus utbygging                                    | 427 688       | 0             | 253 157       | 172 000       | Etterarbeid etter konkurs                                     |
| 111             | Etableringslån/startlån                                   | 646 785       | 6 000 000     | 0             | 5 926 000     | Alle poster som gjeld startlån                                |
| 118             | Skattebøl skule renovering                                | 603 654       | 950 000       | 0             | 0             | Mindre omfattande arbeid gjort                                |
| 119             | Torpo skule – utbetre betongskader under bassenget        | 0             | 500 000       | 0             | 0             | Arbeidet er utsett til 2024                                   |
| 122             | Naturfarekartlegging – investering                        | 0             | 1 000 000     | 0             | 0             | Held på, men utgifter kjem i 2024                             |
| 124             | Renovering av leilegheiter Brattebakken                   | 147 034       | 0             | 2 780 442     | 1 600 000     | Held på, overført budsjett til 2024                           |

**Årsmelding 2023 – Ål kommune**

| <b>Prosjekt</b> |   | <b>R 2023</b> | <b>B 2023</b> | <b>R 2022</b> | <b>B 2022</b> | <b>Kommentar</b>                           |
|-----------------|---|---------------|---------------|---------------|---------------|--|
| 130             | Tilrettelegging bustad ein brukar                               | 58 538        | 35 000        | 0             | 0             | Planlegging, bustaden blir bygd i 2024     |
| 131             | Tingstugu nytt låsesystem                                       | 1 077 955     | 1 000 000     | 0             | 0             | Ferdig i 2024                              |
| 132             | Prestegardsjordet-avd.miljøterapi                               | 592 074       | 550 000       | 122 516       | 125 000       | Prosjektering, bygging i 2024-25           |
| 133             | Sentrumsutvikling   | 219 398       | 375 000       | 329 321       | 100 000       | Samarbeid med Sundre Vel, held fram i 2024 |
| 140             | Rehabilitering hovudleidning Bekkefaret                         | 339 282       | 1 000 000     | 4 506 770     | 3 400 000     |  |
| 145             | Ål helsetun – forprosjekt omsorgsbustader-basseng – investering | 41 300        | 0             | 0             | 0             |  |
| 151             | Nye stolar Storesalen Ål kulturhus                              | 389 370       | 1 875 000     | 0             | 0             | Innkjøp utsett til 2024                    |
| 152             | Haugen bustadfelt   | 47 256        | 0             | 47 256        | 0             | Justering meirverdiavgift                  |
| 153             | Hago bustadfelt   | 117 434       | 0             | 0             | 0             | Justering meirverdiavgift                  |
| 163             | Nesch-måleri – K-sak 25/2023                                    | 3 080 971     | 3 067 000     | 0             | 0             | Fullført                                   |
| 171             | Asfaltering/vegvedlikehald                                      | 3 580 015     | 3 875 000     | 3 642 796     | 3 587 000     | Innafor budsjett                           |
| 172             | Rehabilitering vavn/kloakk                                      | 87 654        | 400 000       | 229 000       | 600 000       | Mykje arbeid utsett til 2024               |
| 174             | Grunnkjøp / sal av grunn – kjøp av eigedom / sal av eigedom     | 2 306 811     | 3 200 000     | -657 545      | 200 000       | Held på – fortløpende                      |
| 177             | Egenkapitalinnskudd KLP / kjøp av aksjar                        | 1 432 143     | 1 450 000     | 1 297 618     | 1 450 000     | Årleg sum                                  |
| 178             | Intern finansiering – bruk av fond / avsetning til fond         | 0             | -32 959 000   | -3 048 508    | -4 178 000    | Ført utan prosjekt på art 09700            |
| 179             | Ekstern finansiering  | -35 003 266   | -44 720 000   | -27 368 371   | -36 997 000   | Bruk av lån                                |
| 181             | Anleggstilskot – ferdige prosjekt                               | -200 000      | 45 000        | 0             | 0             | Gebyr frå VAR og utviklingsavdelinga       |
| 197             | ENØK – eigne bygg   | 5 833 113     | 8 750 000     | 0             | 0             | Arbeidet held fram i 2024                  |

## Samfunns- og befolkningsutvikling

### Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

|   | 2020         | 2021         | 2022         | 2023         |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>  | <b>4 674</b> | <b>4 648</b> | <b>4 650</b> | <b>4 862</b> |
| Fødde                                       | 41           | 35           | 39           | 42           |
| Døde  | 50           | 63           | 53           | 42           |
| <b>Fødselsoverskot</b>                      | <b>-9</b>    | <b>-28</b>   | <b>-14</b>   | <b>0</b>     |
| Innvandring                                 | 28           | 63           | 295          | 672          |
| Utvandring                                  | 14           | 10           | 21           | 43           |
| Innflytting, innanlands                     | 151          | 205          | 215          | 246          |
| Utflytting, innanlands                      | 183          | 228          | 257          | 732          |
| <b>Netto innvandring og flytting</b>        | <b>-18</b>   | <b>30</b>    | <b>232</b>   | <b>143</b>   |
| <b>Folkevekst</b>                           | <b>-26</b>   | <b>2</b>     | <b>212</b>   | <b>145</b>   |
| <b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b> | <b>4 648</b> | <b>4 650</b> | <b>4 862</b> | <b>5 007</b> |

### Utvikling i folketal

Ål kommune hadde 4 862 innbyggjarar i starten av 2023 og folketalet auka med 145 personar fram til utgangen av året.

## Kommunen sine tenesteområde

### Sentraladministrasjon

#### Status økonomi

Beløp i 1000

| Tjenesteområde      | Rekneskap     | Rekneskap     | Rev. bod.     | Avvik i kr   | Avvik i %    |
|---------------------|---------------|---------------|---------------|--------------|--------------|
|                     | 2022          | 2023          | 2023          |              |              |
| 101-Politisk        | 0             | 6 076         | 5 959         | -117         | -2,0 %       |
| 110-Rådmann         | 8 918         | 15 509        | 18 410        | 2 901        | 15,8 %       |
| 120-Stabsfunksjonar | 41 019        | 33 470        | 34 601        | 1 131        | 3,3 %        |
| <b>Sum</b>          | <b>49 937</b> | <b>55 055</b> | <b>58 970</b> | <b>3 915</b> | <b>6,6 %</b> |

#### Rekneskap

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr    | Avvik i %       |
|--|-------------------|-------------------|---------------|---------------|-----------------|
| Lønn   | 58 897            | 22 785            | 22 228        | -557          | -2,5 %          |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 20 771            | 10 840            | 7 695         | -3 145        | -40,9 %         |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar communal eigenproduksjon | 37 288            | 29 555            | 30 836        | 1 281         | 4,2 %           |
| Overføringsutgifter  | 4 464             | 2 309             | 1 482         | -827          | -55,8 %         |
| Finansutgifter   | 814               | -2                | 467           | 469           | 100,5 %         |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>122 235</b>    | <b>65 487</b>     | <b>62 708</b> | <b>-2 779</b> | <b>-4,4 %</b>   |
| Salsinntekter  | -535              | -580              | -171          | 409           | -238,9 %        |
| Refusjonar   | -70 834           | -9 176            | -3 467        | 5 709         | -164,7 %        |
| Overføringsinntekter   | -289              | 0                 | 0             | 0             | 0,0 %           |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -639              | -677              | -100          | 577           | -576,6 %        |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-72 298</b>    | <b>-10 433</b>    | <b>-3 738</b> | <b>6 695</b>  | <b>-179,1 %</b> |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>49 937</b>     | <b>55 055</b>     | <b>58 970</b> | <b>3 915</b>  | <b>6,6 %</b>    |

#### Kommentar til status økonomi

Sentraladministrasjonen har samla sett eit mindreforbruk på 3,9 mill. kr og 6,6 % av revidert budsjett.

- Politisk nivå ligg litt under budsjett med 117 000,- kr.
- Rådmannen har eit mindreforbruk på 2,9 mill., og det består hovudsakleg av lågare kostnader innafor barnevern. Faktura for krisesenter og barnvernvakta vart ikkje behandla før rekneskapen for 2023 var avslutta og kjem som ein ekstra kostnad på 2024. Det er noko meirforbruk på diverse andre postar blant anna utgifter til advokat og endring av kommunenummer.
- Frivilligsentralen har eit mindreforbruk på 360 000,- dette skuldast tilskottsmiddel som ikkje er brukt opp og skal overførast til neste år.
- Personalavdelinga har eit mindreforbruk på 1 mill. kr, dette skuldast overbudsjettering på fleire enkelpostar.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

- Økonomiavdelinga har eit mindreforbruk på 355 000,-, noko er vakans i stilling som innkjøpar og refusjon frå Regionrådet i samband med at økonomiavdelinga har overteke føringa av rekneskapen deira.
- Servicetenester hadde eit meirforbruk på 544 000,-, dei er noko underbudsjetterte på løn og beredskap.
- Felles datautgifter er innafor budsjett.

### Beskriving av tenesteområde

#### Ål frivilligsentral / Ål ungdomsfrivilligsentral

Frivilligsentralane har frå 1.1.2023 hatt 2 faste 100 % stillingar. Vi har frå 6.10.23 og ut året hatt vakanse i 100 % stilling i ungdomsfrivilligsentralen på grunn av rekrutteringsutfordringar. Vi har mindreforbruk på budsjettet på grunn av vakanse. I tillegg har vi fått tildelt ein god del midlar vi har søkt om og statstilskotet frå KUD vart høgare enn budsjettet.

Vi har 180 registrerte frivillige og ca. 100 aktive. Det har blitt registrert frivilligtimar i perioden 1.8.2022-31.7.2023 som til saman utgjer 3.716 timer. Vi har dette året hatt mange aktivitetar og gode møteplassar på tvers av alder, kjønn, kulturar og føresetnader som er ein viktig del av folkehelsa og satsinga på bu- og blilyst i Ål kommune. For å skape aktivitet er både samskaping, samarbeid og dei flotte lokalane på Ål kulturhus avgjerande for frivilligsentralane.

Frivilligstrategi for Ål kommune vart vedteke i kommunestyret 17.8.23 og er eit godt verktøy for å ta vare på dei frivillige, støtte opp om engasjementet og gje gode vekstvilkår.

HallUng ungdomsklubb er ein uformell møteplass for ungdom mellom 5. trinn til 1. vidaregåande, og har vore open 2–5 dagar i veka.

BUA utstyrssentral har hatt eit stort trykk med utlån og hatt om lag 2500 utlån dette året fordelt på 328 brukarar. Sjølvbetent BUA filial på Samhald Bygdesenter vart opna i oktober.

Spesielle tema og arrangement dette året: fritidsmesse, markering av FN-dagen, markering av Verdens aktivitetsdag, sommarramp, innsamling av utstyr til flyktingar på mottaket på Skarslia og hadde ei sentral rolle ved evakuering og innkvartering ved Ål kulturhus under ekstremvêret Hans. Vi har arrangert ei kursrekke med 11 ulike tema på Digital Bygdis, tilbydd datahjelpe og lansert Ål-appen. Språkkafé har vore fast 2.-kvar veke med opptil 25 deltakarar.

Ål kommune vart nr. 1 i Viken under TV-aksjonen «La barn leve i fred» med kr 114,92 pr. innbyggjar. Dagleg leiar er koordinator, og var med å arrangere for første gong felles skuleløp for alle elevane i Ål på Bråta friidrettsbane.

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,95 %  | 1,56 %  | 3,51 %          |

## Oppvekst

### Status økonomi

Beløp i 1000

| Tjenesteområde            | Rekneskap      |                | Rekneskap      | Rev. bod.     | Avvik i kr    | Avvik i % |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|-----------|
|                           | 2022           | 2023           | 2023           |               |               |           |
| 200-Kommunalsjef oppvekst | 4 206          | 4 100          | 6 361          | 2 261         | 35,5 %        |           |
| 210-Barnehage             | 30 650         | 36 565         | 35 170         | -1 395        | -4,0 %        |           |
| 220-Skular                | 82 533         | 93 898         | 88 198         | -5 700        | -6,5 %        |           |
| 240-Ål introsenter        | 7 392          | 11 999         | 11 999         | 0             | 0,0 %         |           |
| <b>Sum</b>                | <b>124 781</b> | <b>146 561</b> | <b>141 728</b> | <b>-4 833</b> | <b>-3,4 %</b> |           |

### Rekneskap

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023  | Avvik i kr     | Avvik i %       |
|--|-------------------|-------------------|----------------|----------------|-----------------|
| Lønn   | 143 181           | 161 932           | 144 518        | -17 414        | -12,0 %         |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 12 865            | 20 818            | 9 810          | -11 008        | -112,2 %        |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar communal eigenproduksjon | 1 591             | 1 917             | 1 150          | -767           | -66,7 %         |
| Overføringsutgifter  | 1 975             | 3 271             | 2 606          | -665           | -25,5 %         |
| Finansutgifter   | 1                 | 2 691             | 60             | -2 631         | -4385,7 %       |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>159 612</b>    | <b>190 630</b>    | <b>158 144</b> | <b>-32 486</b> | <b>-20,5 %</b>  |
| Salsinntekter  | -8 878            | -10 834           | -6 523         | 4 311          | -66,1 %         |
| Refusjonar   | -25 097           | -29 615           | -9 893         | 19 722         | -199,3 %        |
| Overføringsinntekter   | -13               | -2 744            | 0              | 2 744          | 0,0 %           |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -843              | -877              | 0              | 877            | 0,0 %           |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-34 831</b>    | <b>-44 069</b>    | <b>-16 416</b> | <b>27 653</b>  | <b>-168,5 %</b> |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>124 781</b>    | <b>146 561</b>    | <b>141 728</b> | <b>-4 833</b>  | <b>-3,4 %</b>   |

### Kommentar til status økonomi

Sektoren har samla eit meirforbruk på 4,8 mill., dvs. 3,4 %, av justert budsjett -23.

Dette skuldast i hovudsak:

- Høgt sjukefråvær. Sjukepengerefusjon samla for sektoren i 2023 er på over 6 mill. kr dvs. samla kostnader for dei 16 første dagane av sjukmeldingar er høg.
- Omfattande tenester og kostnader knytt til einskildelevar, der også eksterne aktørar er innleigde. T.d. har Skattebøl skule eit meirforbruk på 2,6 mill. kr, Nedre-Ål skule eit meirforbruk på 2,3 mill. kr.
- Tiltak ift. busette flyktningar, dessutan barn/unge ved akuttmottak i kommunen. Samla kostnad prosjekt 801 for sektoren i 2023 var på 6,4 millionar, medan budsjettet var på kr 600.000.

**Årsmelding 2023 – Ål kommune**

**Oppsummering tiltak**

**Detaljert pr. ansvar:**

|  | Rekneskap          | Buds (end)         | Avvik (per.)     |
|--|--------------------|--------------------|------------------|
|  | 2023               | 2023               | 0                |
| Sum ansvar: 2000 Kommunalsjef Oppvekst       | 4 099 922          | 6 361 000          | – 2 261 077      |
| Sum ansvar: 2020 Barnehagar – felles         | 28 090             | 839 000            | – 810 909        |
| Sum ansvar: 2021 Nordbygdene barnehage       | 4 788 243          | 3 981 000          | 807 243          |
| Sum ansvar: 2022 Skattebøl barnehage         | 5 399 598          | 4 748 000          | 651 598          |
| Sum ansvar: 2023 Sundre barnehage            | 15 972 581         | 15 599 000         | 373 581          |
| Sum ansvar: 2024 Torpo barnehage             | 4 452 302          | 4 865 000          | – 412 697        |
| Sum ansvar: 2025 Sando barnehage             | 5 924 302          | 5 138 000          | 786 302          |
| Sum ansvar: 2030 Skular – felles             | 3 859 790          | 4 973 000          | – 1 113 209      |
| Sum ansvar: 2031 Nordbygdene skule           | 8 779 659          | 8 471 000          | 308 659          |
| Sum ansvar: 2032 Nedre-Ål skule              | 29 445 853         | 27 143 000         | 2 302 853        |
| Sum ansvar: 2034 Skattebøl skule             | 9 438 663          | 6 786 000          | 2 652 663        |
| Sum ansvar: 2035 Torpo skule                 | 8 909 598          | 6 975 000          | 1 934 598        |
| Sum ansvar: 2037 Ål ungdomsskule             | 29 085 213         | 29 398 000         | – 312 786        |
| Sum ansvar: 2050 Musikk- og kulturskule      | 2 719 004          | 3 066 000          | – 346 995        |
| Sum ansvar: 2060 Leirskule                   | 1 194 971          | 1 386 000          | – 191 028        |
| Sum ansvar: 2090 Ål introsenter              | 11 998 530         | 11 999 000         | – 469            |
| Sum ansvar: 2999 Oppvekst – øyremerka midlar | 464 754            | -                  | 464 754          |
| <b>T O T A L T</b>                           | <b>146 561 083</b> | <b>141 728 000</b> | <b>4 833 083</b> |

## Beskriving av tenesteområde

Medarbeidarane i oppvekstsektoren bidreg kvar dag til tenester av svært høg kvalitet. Sektoren har stabilt personale med høg fagkompetanse, stor fleksibilitet og engasjement. Medarbeidarane er gode på relasjonsarbeid over tid, både med barn/elevar og føresette, og gode på samarbeid, støtte og utvikling. Medarbeidarane har klart å oppretthalde gode og stabile tenester i heile sektoren gjennom dette året, trass i mange utfordringar.

**Tusen takk til alle medarbeidarar for solid innsats, fleksibilitet og engasjement i 2023!**

### Tenester innan oppvekstsektoren:

2000 Sektorleiar oppvekst

2020 Barnehagar – felles

2021 Nordbygdene barnehage

2022 Skattebøl barnehage

2023 Sundre barnehage

2024 Torpo barnehage

2025 Sando barnehage

2030 Skular – felles

2031 Nordbygdene skule

2034 Skattebøl skule

2035 Torpo skule

2037 Ål ungdomsskule

2050 Ål kulturskule

2060 Hallingdal leirskule

2090 Ål introsenter

2999 Oppvekst – øyremerka midlar

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

Barnehage, **tal plassar** pr. desember -23:

| Barnehage   | Sundre bh | Sando bh | Skattebøl bh | Torpo bh | Nordbygdene bh |
|-------------|-----------|----------|--------------|----------|----------------|
| Tal plassar | 108       | 44       | 38           | 35       | 31             |

Skule, **tal elevar** pr. desember -23:

| Avdeling/skule | Nedre-Ål | Ål u.skule | Nordb. | Torpo | Skattebøl | Kultursak.        | Ål intro | Leirsk. |
|----------------|----------|------------|--------|-------|-----------|-------------------|----------|---------|
| Tal elevar     | 213      | 175        | 50     | 47    | 32        | 194 (260 plassar) | 100      | 1800    |

Sektoren har klart nye utfordringar, t.d.

- fleire barnehageplassar ved auke av kapasitet i 2 av barnehagane
- busetjing av 50 flyktningar i 2023, dessutan oppfølging av 90 busette i 2022
- skuletilbod ift. akuttmottak i kommunen, mottaksklassar og velkomstklasse (Nedre-Ål skule/Ål ungdomsskule), planlegging av tilbod ved Torpo skule frå januar -24

Samstundes har 2023 vore krevjande;

- Over 20 vakante stillingar, dessutan stort sjukefråvær; dermed store utfordringar ift. å dekke opp for fråvær
- ustabilitet i leiinga; utskifting av leiarar og konstituerte leiarar
- omfattande tenester og tiltak knytt til einskildelevar
- utfordrande åtferd hos enkeltelevar
- ufrivillig skulefråvær

Årsmelding frå alle avdelingar innan oppvekstsektoren: [her](#)

### Utvikling og utfordringar

**Ei rekke faktorar påverkar tenestene innan sektoren:**

1. Vanskar med å behalde og rekruttere personell er ei overordna utfordring som ikkje berre gjeld Ål kommune. Denne utfordringa, saman med stort sjukefråvær, krev nytenking, innsats og gode løysingar.
2. Sektoren erfarer at fleire elevar har samansette og omfattande behov. Dette set krav til bemanning og til spesialpedagogisk kompetanse, dessutan omfattande samarbeid og tverrfagleg innsats med andre instansar.
3. Utfordrande åtferd hos enkeltelevar skapar krevjande kvardagar for medelevar, føresette og tilsette, og skapar over tid slitasje hos våre tilsette.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

- Endra rammefaktorar og krav, t.d. LK20, oppvekstreform, ny opplæringslov med forskrifter gjeldande frå 010824 med krav ift. opplæring av høg kvalitet, trygt læringsmiljø og medverknad.

### Sektoren må i det vidare arbeidet prioritere

- utvikle sektoren slik at alle barn og unge lærer og trivast
- behalde og rekruttere medarbeidarar
- kompetanseutvikling
- leiarstøtte, m.a. styrke profesjonelle lærande fellesskap
- nærværsarbeid
- praksisnær, leikbasert og styrkebasert læring
- bemanning og kompetanse for tilbod til enkeltbarn/elevar
- tiltak for å redusere ufrivillig skulefråvær
- etablere tilstrekkeleg barnehagekapasitet i kommunen
- gode system for integrering og norskopplæring, både busette flyktningar og andre barn/elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn
- skuletilbod for barn/unge ved akuttmottak i kommunen
- planarbeid oppvekst 2030
- vidareføre nettverksarbeid mellom dei fådelte skulane
- vidareføre tett samarbeid med andre tenester og instansar for å arbeide godt og tverrfagleg med
- 
- samansette utfordringar (t.d. PPT, Familiens hus, Kafe Tid)

### Årsverk

| Org.eining            | I år 2023     |             |              |               |
|-----------------------|---------------|-------------|--------------|---------------|
|                       | Faste         | Vikar       | Mellombels   | Total         |
| Kommunalsjef oppvekst | 4,20          | 0           | 1,20         | 5,40          |
| Barnehage             | 44,00         | 0           | 13,40        | 57,40         |
| Skular                | 104,69        | 0,59        | 12,47        | 117,75        |
| Ål introsenter        | 6,20          | 0           | 6,75         | 12,95         |
| <b>Total</b>          | <b>159,09</b> | <b>0,59</b> | <b>33,82</b> | <b>193,50</b> |

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,80 %  | 5,27 %  | 8,06 %          |

### Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i sektoren er totalt 7,77 % i 2023, med 4,98 % langtidsfråvær og 2,79 % korttidsfråvær. Langtidsfråværet har auka sidan 2022; 4,6 % til 4,98 %. Korttidsfråværet har ein liten nedgang; 3,4 % i 2022 samanlikna med 2,79 % i 2023. Det er store variasjonar frå avdeling til avdeling; frå 0,59 % fråvær ved ei avdeling til 14,53 % ved ei avdeling innan sektoren.

Sjukefråvær er krevjande over tid. Saman med mange vakante stillingar blir dette krevjande for tilsette, barn, elevar, føresette og leiinga, og medfører stor slitasje på medarbeidarar og leiing.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

Trass dette fråværet, gjer medarbeidarane i sektoren kvar dag ein fantastisk innsats og ein forskjell for barn, unge, føresette og andre medarbeidarar.

### Helse og omsorg

#### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tjenesteområde                    | Rekneskap      | Rekneskap      | Rev. bod.      | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|-----------------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|
|                                   | 2022           | 2023           | 2023           |               |               |
| 300-Kommunalsjef helse og omsorg  | -23 340        | -7 445         | -8 078         | -633          | -7,8 %        |
| 310-Helse, velferd og førebygging | 56 222         | 55 394         | 59 732         | 4 338         | 7,3 %         |
| 320-Institusjonstenester          | 55 183         | 59 918         | 53 901         | -6 017        | -11,2 %       |
| 330-Miljøterapi                   | 50 167         | 52 050         | 48 680         | -3 370        | -6,9 %        |
| 340-Heimeteneste                  | 41 157         | 45 279         | 43 850         | -1 429        | -3,3 %        |
| <b>Sum</b>                        | <b>179 390</b> | <b>205 196</b> | <b>198 085</b> | <b>-7 111</b> | <b>-3,6 %</b> |

#### Rekneskap

*Beløp i 1000*

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023  | Avvik i kr     | Avvik i %      |
|--|-------------------|-------------------|----------------|----------------|----------------|
| Lønn   | 178 605           | 172 001           | 169 376        | -2 625         | -1,5 %         |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 24 504            | 26 559            | 6 743          | -19 816        | -293,9 %       |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 58 152            | 61 669            | 61 895         | 226            | 0,4 %          |
| Overføringsutgifter  | 2 325             | 2 271             | 1 282          | -989           | -77,2 %        |
| Finansutgifter   | 2 420             | 4 093             | 141            | -3 952         | -2802,7 %      |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>266 006</b>    | <b>266 593</b>    | <b>239 437</b> | <b>-27 156</b> | <b>-11,3 %</b> |
| Salsinntekter  | -12 538           | -14 698           | -12 190        | 2 508          | -20,6 %        |
| Refusjonar   | -71 510           | -41 185           | -29 162        | 12 023         | -41,2 %        |
| Overføringsinntekter   | -295              | -34               | 0              | 34             | 0,0 %          |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -2 273            | -5 481            | 0              | 5 481          | 0,0 %          |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-86 616</b>    | <b>-61 397</b>    | <b>-41 352</b> | <b>20 045</b>  | <b>-48,5 %</b> |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>179 390</b>    | <b>205 196</b>    | <b>198 085</b> | <b>-7 111</b>  | <b>-3,6 %</b>  |

#### Kommentar til status økonomi

Totalt sett har helse- og omsorgssektoren hatt eit meirforbruk på om lag 7 mill. etter revidert budsjett.

Det som har påverka rekneskapen negativt i 2023 har mellom anna vore:

1. Drift av helseteam for akuttmottak og busette flyktingar – ca. 1,5 mill.
2. Anslag tilskot resurskrevjande tenester vart høgare enn det kommunen reelt fekk. Negativ differanse 2,9 mill.
3. Auka sosialstønad frå NAV som følgje av «dyrtid» og auka busetting av flyktingar – kostnad ca. 1 mill.
4. Intermediæravdeling Hallingdal sjukestove har gitt Ål kommune ein tilleggskostnad på ca. 2,3 mill.

Andre faktorar har vore utgifter til kjøp av tenester frå vikarbyrå, og dessutan at lønsoppgjeren var høgare i 2023 enn estimert.

Rekutteringsbustader og innkjøp av inventar med meir har gitt ei kostnadsauke som ikkje har vore budsjettert.

Det er søkt tilskotsmidlar som har vore med å dekke løn til ulike prosjekt, fødsel- og sjukefråværsrefusjonar og andre inntekter – total differanse positivt på om lag 14,5 mill.

Det er forhandla fram ny avtale for fastlegar og godtgjersle for legevakt. Dette har påverka rekneskapen på einskilde artar. Fleire legar har gått over på fastløn.

### Oppsummering tiltak

Drifta i helse- og omsorgssektoren vil ikkje vere berekraftig om det fortset som i dag. Sektoren er i gang med å sjå på løysingar og tiltak som bidreg til å behalde personell me allereie har, og rekruttere nye med fagkompetanse inn i sektoren. Det er sett i gang arbeid med å tilby ulike turnusordningar som til dømes langvakter og Nordsjøturnus. Heimetenestene, avdeling miljøterapi 2 og legetenesta er i gang med dette,- og viser til nøgde tilsette, og redusert sjukefråvær. Andre avdelingar står på trappene til å starte opp.

Forsking viser at det å arbeide i fagteam har ein positiv effekt for eit stabilt arbeidsmiljø og for å redusere sjukefråværet. Me er i startgropa med dette arbeidet i 2023,- og vil utvikle dette vidare. Det er også nødvendig å vidareføre arbeidet med ei vriding i organisering av tenestene; frå det behandlende til auka fokus på det førebyggande.

Sektoren har gjennomført kurs i bemanningsleining i regi av KS i 2023. Vi må endre måten å nytte fagkompetanse og ressursar på meir effektivt,- og bemanne etter behov.

Velferdsteknologiske løysingar må utviklast og implementerast, slik at me vil nytte tilgjengelege ressursar der dei trengst mest. Ål kommune ynskjer E-helse og kunstig intelligens velkommen, men dette vil fordrer nye kompetanseområde for dei tilsette.

Leiargruppa og stab er i gang med å ta i bruk programmet Framsikt – dette skal gjøre det lettare å ha kontroll på drift og rekneskap ut frå budsjett.

## Beskriving av tenesteområde

**Helse og omsorgssektoren består av følgende avdelinger og ansvarsområde:**

3000 Sektor helse og omsorg

3020 Legeteneste

3030 Avdeling Meistring

3040 NAV

3050 Avdeling Stugu

3060 Nattenesta

3070 Gjestetunet

3080 Miljøterapiavdeling 2

3090 Miljøterapiavdeling 1

3120 Heimetenesta

3130 Familiens hus

### Interkommunale tiltak:

8600 PPT for Hol og Ål

8700 Fagkoordinator IKT

8510 Intermediæravdeling Hallingdal sjukestove

8520 Hallingdal legevaktsentral

8500 Hallinghelse

## Utvikling og utfordringar

Helse – og omsorgssektoren har også dette året gjeve gode helsetilbod til innbyggjarane i Ål. Kvalitet og innhald i tenestetilboden som er levert, har vore godt, og våre tilsette utfører dagleg tenester av høg fagleg kvalitet og med god kompetanse. Nok ein gong viser våre tilsette stor styrke, fleksibilitet og stor innsats for å få tenestene til å gå trass ulike utfordringar. Dette viser seg særleg tydeleg når det oppstår ei krise i bygda vår, denne gong då me vart råka av Hans. Takk til alle våre tilsette for innsats, engasjement, og som gjer sitt beste for at innbyggjarane våre skal ha trygge og gode helsetilbod. Det er grunn til å vere stolt over det som er levert av tenester i 2023.

Rekruttering til ledige stillingar har vore utfordrande i 2023. Nabokommunar og landet elles signaliserer same utfordringar. Samstundes stig talet på born og unge med omfattande behov, og talet på eldre over 80

år vil doble seg innan 2040. Det er urovekkande, når me veit at me berre er i starten av denne varsla ressursutfordringa,

Ål vart sterkt råka av uveret «Hans» Det er grunn til å vere stolt av ei kommune og sektor som bretta opp ermane og gjorde sitt ytste for at innbyggjarar og turistar fekk det dei hadde behov for av husrom, mat, omsorg, medisinske behov, oppfølging av psykososialt kriseteam mm. Heimetenestene var tidleg ut med å sikre at deira pasientar fekk nødvendig medisin for ein lengre periode om det skulle vere utfordrande å kome fram. På eit tidspunkt hadde ikkje Ål nettilgang, mobil-dekning eller tilgang på veg inn eller ut. Det vart bedt om forsterkingar frå statsforvaltar og departementet. Ål vart styrka frå Vestre Viken med legar og frå nasjonalt hald med eit høgkompetent helseteam frå Oslo universitetssjukehus på 18 personar.

I 2023 vart det oppretta eit nytt akuttmottak på Torpo med 286 plassar. I tillegg har Ål hatt akuttmottaket på Skarslia, i tillegg til over 130 busettingar. Det har vore eit svært godt samarbeid med mottaket i Skarslia og kommunen i dei 2 åra desse har drifta. Skarslia vart lagt ned i januar 2024.

Ål kommune har ein markant auke i born og ungdom som treng bistand i kvardagen frå avdeling Miljøterapi 1 eller 2. Dette viser seg med ei auke i dagtilbod og avlastingstilbod. Avdelingane signaliserer at det er utfordrande å ha nok ressursar til tenesta avlasting, samstundes møte pårørande sine behov, og skape ei forsvarleg drift innanfor ramma.

Miljøterapi 2 har etablert 4 team med forhandlingsturnus og vakter på opptil 14 timer,- og opplever at dette har ført til auka rekruttering og redusert sjukefråvær.

Avdeling Stugu fekk i 2023 tilført lønsmidlar til ein trivselskoordinator i 100 %. Pasientane er svært nøgd med tilboden – det same signaliserer tilsette og leiringa. Stillinga gjev rom for å fylle dagane med aktivitet, innhald og livsglede for pasientane.

Bilete: Trivselskoordinatør Heidi Kvalvågnes i lag med Avdelingsleiar Tone Fossgår Berg.

Avdeling Stugu, Gjestetunet og Heimetenester signaliserer alle utfordringar med manglande søkermasse og utfordringar for å fylle vakante stillingar med fagutdanna personell. For å bidra til fagleg forsvarlege tenester nyttast det helsefagleg personell frå vikarbyrå. Dette har gitt auka kostnader ut over ramma. I tillegg stig også kostnadene til medisinske forbruksvarer og medisin.

Gjestetunet har hatt ein beleggsprosent av sengeplassar på 69 % i 2023. Kommunen har i også nytta dei kommunale sengeplassane ved HSS meir enn nabokommunane.

Avdeling heimetenester har hatt ein nedgang i talet på brukarar av heimesjukepleie frå 2018 med 173 brukarar til 2023 med 135 brukarar. Talet på brukarar som tek imot heimehjelp, har også i same tidsrom gått ned frå 82 brukarar i 2018 til 2023 med 49 brukarar. Nigarden bufellesskap for personar med demens har fått ei brukargruppe med større pleie og omsorgsbehov enn kriteria tilseier. For å vareta auka omsorgsbehov har det skjedd ei omfordeling av ressursar i heimetenesta. Avdelinga har også det siste året hatt store utfordringar med å dekke behovet for personell til å vareta heimehjelpsoppdrag.

Avdeling Meistring har frå 2022 jobba med å samle dei ulike tenestetilboda i avdelinga. Det blir signalisert ein stor auke i tilvisingar for tenester frå psykisk helse- i snitt fem nye i veka. Det er også auka pågang frå introtenesta. Med deling av avdeling psykisk helse i 2022 merkar ein at avdelinga er mindre og at det skapar mindre fleksibilitet i høve til å nytte ressursane på tvers. Det er også stort påtrykk til demensteamet.

Familiens hus har dette året jobba med å etablere ei avdeling med ei dør inn,- og utvikle tverrfagleg lagarbeid rundt born og ungdom. Det har i 2023 vorte eit tettare samarbeid med oppvekstsektoren, barnevernet og spesialisthelsetenesta. Dette arbeidet blir vidareført i 2024. Interkommunalt PPT for Hol og Ål vart avslutta og Ål valte å etablere eit lokalt PPT over ein treårs periode. Målet er å styrke skule/barnehage med kompetanse og justere talet på sakkundigevurderingar. Tiltaket blir evaluerer årleg.

Avdeling legetenestene har hatt eit krevjande år med utskifting av legar, medarbeidarar og leiar. Konstituert avdelingsleiar kom på plass i oktober. Det er jobba systematisk med å få på plass gode system for turnus og ei stabil arbeidsgruppe. For fyrste gong vart det nødvendig å leige inn legebistand og sjukepleiarbistand frå vikarbyrå. I tida med covid vart det lagt inn krav om å auke frå 1 til 2 medarbeidarar på kveld. Hol kommune opprettheldt ynskje om dette. Det er under drøfting korleis ein skal løyse dette økonomisk. Det er utarbeid ny legeavtale og dessutan opna for Nordsjøturnus. Fleire legar har valt å gå over fastlønsordning med kommunen.

Sektoren er i gang med eit forprosjekt for å sjå på moglegheitsrommet når det gjeld utbygging for å møte den varsla auka i talet på eldre over 80 år. Talet vil doble seg for Ål kommune sin del innan 2040. Det skal også byggjast nye bustader i avdeling miljøterapi i løpet av 2024/2025.

Førebyggande arbeid for å redusere behov for helsetenester, kvardagsmeistring og bruk av velferdsteknologiske løysingar vil vere nødvendig å styrke og vidareutvikle. Samstundes må andre sektorar bidra inn med god arealplanlegging for eit tilrettelagt og aldersvenleg samfunn og sentrumsnær bustadutvikling.

#### Digitalisering, E- helse, Velferdsteknologi og kunstig intelligens (KI)

Digitalisering betyr innan helse og bruke teknologi til å forbetre, forenkle og fornye. Det handlar om at me framover skal kunne tilby nye og betre tenester og legge til rette for auka verdiskaping og innovasjon. Det er starta eit nasjonalt koordineringsprosjekt med KI som skal hjelpe og rettleie helsetenesta slik at den kan lykkast med å ta i bruk KI på ein trygg måte som til dømes, administrative oppgåver, utnytte ressursar, betre diagnostikk, med meir. Implementering av ny teknologi innan omsorgstenestene må i større grad bli innarbeid som ein naturleg del av hjelpetiltaka ein har å spele på.

Hallingdalskommunane har valt å samarbeide innan dette området. Kravspesifikasjonar, anbod og kontrakt og innkjøp er gjort med Hepro, og det vert arbeidd med å implementere velferdsteknologi i tenesteapparatet som til dømes digitale tryggleiksalarmer med sporing, digitale nattlys, digitale medisindispenserar og ulike sensorar.

Velferdsteknologien må i større grad dominere tenestetildeling i åra framover og geinstrealisering av velferdsteknologi blir viktige fokusområde.

Implementering av KI, e-helse og velferdsteknologi vil setje større krav til kompetanse både hjå personell med ansvar for utprøving og tilpassing, men også i omsorgstenestene generelt. Det er nødvendig med ei haldningsendring hjå leiarar, tilsette, pasient og pårørande, slik at e-helse blir fyrstevalet og ein naturleg del av helsetilbodet. Statsbudsjettet 2024 signalisera at digital samhandling og digital heimeoppfølging skal bli satsa på i kommunane.

## Årsverk

| Org.eining                    | I år 2023     |             |              |               |
|-------------------------------|---------------|-------------|--------------|---------------|
|                               | Faste         | Vikar       | Mellombels   | Total         |
| Kommunalsjef helse og omsorg  | 7,90          | 0           | 0,00         | 7,90          |
| Helse, velferd og førebygging | 37,78         | 0,09        | 10,34        | 48,21         |
| Institusjonstenester          | 31,40         | 0           | 14,96        | 46,36         |
| Miljøterapi                   | 30,61         | 0           | 7,79         | 38,40         |
| Heimeteneste                  | 32,87         | 0,00        | 2,51         | 35,38         |
| <b>Total</b>                  | <b>140,56</b> | <b>0,09</b> | <b>35,60</b> | <b>176,25</b> |

## Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,96 %  | 4,15 %  | 7,11 %          |

## Status sjukefråvær og HMS

Fråværet i Helse- og omsorgssektoren ligg samla på 7,11 %. Dette er ein reduksjon på over 2,3 % for 2022 på samla 9,4 %, og viser ei svært positiv utvikling.

Korttidsfråvær i 2023 samla for sektoren er 2,96 %. Dette er tilsvarende tal som i 2022.

Langtidsfråvær i 2023 har fått ned frå 6,5 % i 2022 til 4,15 %.

Det er Avdeling heimetenester og institusjonstenestene (Stugu, Gjestetunet og natt) som har det høgaste fråværet med 9,69 % og 8,38 %.

## Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Sektoren har hatt KS inne med prosjekt Bemanningsleiring i 2023 og 2024. Avdelingane har analysert både sjukefråvær og bemanningsutfordringar, og sett på tiltak for å minske sjukefråvær og auke fokus på behalde og rekruttere til dømes gjennom ulike modellar for arbeidstidsordningar og oppretting av fagteam i einskilde avdelingar. Det vart også gjennomført ulike behalde og rekrutteringstiltak som 6 månaders fri bustad ved nyttilsetting, tilbod om vidareutdanning og kurs og dessutan desentralisert sjukepleiarutdanning ved Torpomoen. Mobilt ferdighetsteam frå Hallinghelse styrkar også kompetanse og tryggleik i faget gjennom øvingspost og internopplæring på prosedyrar og vald og truslar, i tillegg til kurs i kvardagsmeistring for tilsette og dessutan opplæring og kurs innan styrkebasert tilnærming.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med avdeling Stugu med eitt pålegg. Tilsynet såg i hovudsak på psykososialt arbeidsmiljø, muskel og skjelett- og psykiske plager. Avdelinga fekk eitt avvik, men attendemeldinga var totalt sett god. HR-avdelinga har hjelpt til i sjukefråværarbeid gjennom samtaler med tilsette og leiar, og dessutan fokus på miljøretta tiltak for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

HR-avdelinga i lag med NAV har gjennomført informasjonsmøte for våre tilsette om sjukefråvær. Dette vart opplevd som nyttig og oppklarande informasjon for dei som møtte.

NAV har også gjennomført internundervisning for avdelingsleiarane om sjukefråvær, psykisk helse og oppfølging av fråvær. Desse samlingane vart opplevde som nyttige.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

Bedriftshelsetenesta har vore inne med samtaler og rettleiing til einskilde leiarar.

Det vart også gjennomført 10-faktorundersøking i Ål kommune, med gjennomgang av resultat i etterkant og tiltak for å styrke vidare arbeid.

### Kultur

#### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tjenesteområde | Rekneskap     | Rekneskap     | Rev. bod.     | Avvik i kr | Avvik i %    |
|----------------|---------------|---------------|---------------|------------|--------------|
|                | 2022          | 2023          | 2023          |            |              |
| <b>Sum</b>     | <b>12 073</b> | <b>13 054</b> | <b>13 856</b> | <b>802</b> | <b>5,8 %</b> |

#### Rekneskap

*Beløp i 1000*

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr    | Avvik i %      |
|--|-------------------|-------------------|---------------|---------------|----------------|
| Lønn   | 10 067            | 10 783            | 9 787         | -996          | -10,2 %        |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 7 131             | 6 269             | 5 798         | -471          | -8,1 %         |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 1                 | 0                 | 24            | 24            | 100,0 %        |
| Overføringsutgifter  | 7 608             | 3 648             | 4 091         | 443           | 10,8 %         |
| Finansutgifter   | 28                | 302               | 0             | -302          | 0,0 %          |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>24 835</b>     | <b>21 002</b>     | <b>19 700</b> | <b>-1 302</b> | <b>-6,6 %</b>  |
| Salsinntekter  | -5 167            | -5 254            | -4 874        | 380           | -7,8 %         |
| Refusjonar   | -3 454            | -2 513            | -970          | 1 543         | -159,1 %       |
| Overføringsinntekter   | -4 006            | -1                | 0             | 1             | 0,0 %          |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -135              | -179              | 0             | 179           | 0,0 %          |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-12 762</b>    | <b>-7 948</b>     | <b>-5 844</b> | <b>2 104</b>  | <b>-36,0 %</b> |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>12 073</b>     | <b>13 054</b>     | <b>13 856</b> | <b>802</b>    | <b>5,8 %</b>   |

#### Kommentar til status økonomi

Det er gledeleg å kunne vise til eit positivt resultat. Kultursektoren har samla sett ein positiv balanse på kr.802.000,-

Biblioteket har eit meirforbruk på løn, og har vore noko underbudsjettet på lønsutgifter.

Det er grunna noko vakans, og dessutan sjukemelding, der ein har valt å halde fram med ordinær drift utan vikar.

## Oppsummering tiltak

Det har vore, og er, framleis utfordringar knytt til nybygget på kulturhuset. Her er det fleire utbetringar som må gjerast i tida som kjem for å kunne nytte bygget optimalt. Vidare ser ein at det er behov for oppgradering av låsesystem på kulturhuset.

## Beskriving av tenesteområde

### Kulturmommunen 2023

2023: Eit variert og flott år for kultur, idretten, frivilligheita, kulturhuset, og kulturmommunen. Kulturmommunen heldt fram med å arbeide målretta og godt for eit mangfaldig kulturliv, og eit godt idrettsliv, kulturarv, frivilligheita – som legg grobotnen for at Ål er ein god plass å vera.

Det har vore eit år med mykje variasjon, og mange flotte hendingar og arrangement. Gode besøkstal, og mange vellykka arrangement, fortel om framifrå innsats frå publikum, arrangørar, frivillige og utøvarar.

Ål kulturhus var evakueringsplass under uveret «Hans». Med over 300 overnattande fekk kulturhusets administrasjon sett huset fungere på andre måtar enn vanleg. Trass i ein vanskeleg situasjon for alle dei som måtte evakuere, jobba kulturhuset godt i denne situasjonen og la til rette for at alle skulle ha det bra. Det vart lagt ned ein imponerande innsats på huset.

Ål kulturmommune har eit rikt og variert kulturliv med god blanding av tradisjon og nyskaping. Saman har me klart å skape gode opplevelingar og arrangement, og me ser fram til eit nytt år med mykje gode kultur og idrettsopplevelingar. I vår årsmelding vil me presentere ein oversikt med eit utval frå dei aktivitetane og tiltaka som me har gjennomført, og me håpar dette vil gi ei god innsikt i alt det spanande me har å by på – og me skal jobbe hardt for at Ål kommune framleis skal vere ein god plass for alle. Ein takk til alle som har vore med å gjere Ål kulturmommune til ein flott og levande kommune å bu i!

### Kulturadministrasjon

- Ny sportsleg leiar Ål IL – Lasse Hasløv. Ål kommune har bidrøge med 450 000 kr i 2023.
- Ungdomsstipend og kulturpris – dette har kanskje du oversikt over?
- Pilotprosjekt mangfald og inkludering, samarbeid Ål IL Fotball, kulturkontor, næringskonsulent og Ål Intro
- Spelemiddeltilskot 2023: 2 334 000 kr til 6 anlegg.
- Nye spelemiddelsøknadar 2023 (for søkeråret 2024) med totalkostnad 16,6 millionar, der 5,4 millionar er søkt i spelemiddel. Kommunal del på desse anlegga er totale 5,9 millionar. I tillegg har Ål kommune vedteke å forsøktere 1,8 mill.
- Oppsjø vasspark er ferdig.
- Ål Idrettsråd har hatt 4 styremøte, årsmøte og eit allmøte for alle idrettslag i Ål kommune. Presenterte status idrett i strategikonferansen til SUKO.
- Ål musikkråd har hatt 3 styremøte og årsmøte. Hadde stand på fritidsmessa. Presenterte musikkrådet i strategikonferansen til SUKO.
- Fritidsmessa blei arrangert for andre gong, samarbeid mellom Frivilligsentralen, kulturkontoret, bu og blilyst, folkehelse.
- Ål stibyggarlag har vore aktive og ferdigstilt/starta 3 anlegg.
- Ål kommunens frivilligstrategi blei vedteke. Den er laga i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.

- Nye organisasjonar i 2023: Framstøling, Ål Rideklubb, Hallingdal Toraderlag, Ål IL Friidrett. I tillegg blei Ål Rideklubb medlem i idrettsrådet, og Ål Klatreklubb blei innlemma under Ål IL.
- Nye arrangement 2023 var Gjestespel.
- Tradisjonskulturutvalet blei starta, og har jobba fram eit forslag til korleis ein kan legga til rette for å vidareutvikle og behalde tradisjonsdans og musikk i Hallingdal.
- Open dag på Ragnhildrud
- Innkjøp og avduking av «Sildefiske» av Rolf Nesch

## Ål kulturhus

Ål kulturhus ser tilbake på eit år med mykje aktivitet! Det er stadig ei grupe det er vanskeleg å nå, ungdommen. Dette er ei gruppe som ikkje brukar kultertilbodet og det er eit mønster ein overalt i Noreg. Det blir kartlagt og undersøkt på sentrale hold kva grunnane kan vere og kva tiltak som kan setjast inn.

Ål kulturhus, som mange andre, møter stadig utfordringar som post-pandemi, auka prisar og renter som påverkar kjøpekrafta og ei uroleg verd. Trass i detta kan Kulturhuset legge fram gode tal.

Det økonomiske resultatet vart positivt. Det er også igangsett store vedlikehaldsprosjekt på huset. Det elektriske systemet i den gamle delen av huset må skiftast ut og fase 1 (storesalen og veslesalen) er gjennomført. Fase 2 (øvre foajé og galleri syningen) forventast gjennomført 2024/25.

Vidare er det sett i gang eit arbeid i 2023 med oppussing av storsalen. Sjølvve jobben blir gjennomført sommar 24.

2023 kan visa både store og små arrangement med ei god blanding av ulike arrangørar. Kulturhuset er heldige som kan få samarbeide med biblioteket, senioruniversitetet, Fryd scene og folkemusikkveka, for å nemne nokon. Det gjer eit breitt og mangfaldig program for Hallingdal. Og det gjer Ål eit større fagfellesskap som me vil utvikle vidare.

- Samla billettinntekt på alle kulturarrangement vart 2 384 963. På kulturhuset sine egne arrangementet var billettinntektene 1 617 500.
- Totalt publikumstal landa på 7500 besøkande på kulturarrangement. Vi hadde 85 arrangementet totalt.
- Kinobesøket hamna på 19 029 besøk som er godt opp mot 2022 som låg på 17 000. Total inntekt på kinobillettar vart 1 837 391,- Vi hadde 1188 visningar.

## Sprang, Landsdelsscene for dans

I 2023 har Sprang halde fram med utstrekkt residensverksemd, både gjennom samarbeidet med Dans Sørøst-Norge, og med eigne residensar særskilt retta mot folkedansarar. Me har vore samprodusent for fem nyproduksjonar og husa to urpremierar, og me har hatt sjølvaste Nasjonalballetten UNG på vitjing. Me har også arrangert tredagars Springarforum, og todagars verkstad i folkemusikk og -dans for elevar og tilsette ved Nedre-Ål skule.

Sprang har fakturert Bærum Kulturhus for 534.434,- i 2023, og fått 260.000,- i fylkeskommunal støtte til folkedansresidensar og samproduksjonar. I tillegg tok imot Sprang 200.000,- i fylkeskommunal støtte til programmering av danseframstykninga. Desse midla vart, saman med løyving frå Kulturrådet, nytta til gjennomføring av totalt 8 framstykningar. På slutten av 2023 kom ei ekstra løyving á 400.000,- i driftsmidlar frå Viken fylkeskommune, desse midla skal nyttast til å finansiere ulike aktivitetar i 2024.

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

### Bibliotek

2023 har vore eit strålende år for Ål bibliotek med godt besøk og mange flotte arrangement.

Deler av biblioteket har i samarbeid med Viken fylkesbibliotek sett opp solskjerming på deler biblioteket.

- Biblioteket er stolte av å ha gjennomført 12 gratis arrangement med godt besøk frå heile regionen.
- Totalt 831 publikum har besøkt arrangementa.
- Elles er det vanleg drift med mange utlån, og god drift – og samla besøkstal i 2023 var 44729 personar.

### Årsverk

| Org.eining   | I år 2023   |          |             |              |
|--------------|-------------|----------|-------------|--------------|
|              | Faste       | Vikar    | Mellombels  | Total        |
| Kultur       | 9,75        | 0        | 2,08        | 11,83        |
| <b>Total</b> | <b>9,75</b> | <b>0</b> | <b>2,08</b> | <b>11,83</b> |

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,10 %  | 3,04 %  | 5,14 %          |

### Drift og utvikling

#### Status økonomi

Beløp i 1000

| Tjenesteområde                      | Rekneskap     |               | Rekneskap     | Rev. bod.    | Avvik i kr   | Avvik i % |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|--------------|--------------|-----------|
|                                     | 2022          | 2023          | 2023          |              |              |           |
| 600-Kommunalsjef Drift og utvikling | 7 579         | 7 283         | 8 060         | 777          | 9,6 %        |           |
| 610-Veg og park                     | 12 078        | 13 876        | 11 589        | -2 287       | -19,7 %      |           |
| 620-Utvikling                       | 14 795        | 31 055        | 40 907        | 9 852        | 24,1 %       |           |
| 630-Reinhard                        | 14 104        | 16 012        | 15 053        | -959         | -6,4 %       |           |
| 640-Byggforvaltning                 | 14 199        | 15 866        | 15 019        | -847         | -5,6 %       |           |
| <b>Sum</b>                          | <b>62 755</b> | <b>84 092</b> | <b>90 628</b> | <b>6 536</b> | <b>7,2 %</b> |           |

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

### Rekneskap

*Beløp i 1000*

|  | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Rekneskap<br/>2023</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Avvik i kr</b> | <b>Avvik i %</b> |
|--|---------------------------|---------------------------|----------------------|-------------------|------------------|
| Lønn   | 40 874                    | 44 920                    | 42 051               | -2 869            | -6,8 %           |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 27 824                    | 41 811                    | 25 222               | -16 589           | -65,8 %          |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 7 045                     | 7 614                     | 6 700                | -914              | -13,6 %          |
| Overføringsutgifter  | 14 138                    | 25 800                    | 36 386               | 10 586            | 29,1 %           |
| Finansutgifter   | 100                       | 462                       | 230                  | -232              | -100,7 %         |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>89 981</b>             | <b>120 607</b>            | <b>110 589</b>       | <b>-10 018</b>    | <b>-9,1 %</b>    |
| Salsinntekter  | -15 071                   | -15 671                   | -12 129              | 3 542             | -29,2 %          |
| Refusjonar   | -11 420                   | -20 846                   | -7 790               | 13 056            | -167,6 %         |
| Overføringsinntekter   | -52                       | -11                       | -42                  | -31               | 72,8 %           |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -684                      | 13                        | 0                    | -13               | 0,0 %            |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-27 226</b>            | <b>-36 515</b>            | <b>-19 961</b>       | <b>16 554</b>     | <b>-82,9 %</b>   |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>62 755</b>             | <b>84 092</b>             | <b>90 628</b>        | <b>6 536</b>      | <b>7,2 %</b>     |

### Kommentar til status økonomi

Samla for sektoren kjem vi ut med eit netto overskot. Aktiviteten vore høg med både høgare utgifter og inntekter i høve budsjett.

Avdeling veg og park har dei største avvika. 2023 var eit snørikt år og brøyteutgiftene har vore høgare enn budsjettet både for kjøpte tenester og brøyting utført med eige mannskap. Kostnadsauken på t.d. diesel har vore stor. Ekstraugiften i samband med ekstremvêret Hans er i hovudsak kompensert med tilskot frå staten.

Avdeling reinhald har og merka prisauken og særleg innkjøp av forbruksartiklar. Avdelinga forsyner alle kommunen tenester med forbruksartiklar og prisauken har vore stor.

Avdeling byggforvalting merkar og den generelle prisauken på innsatsfaktorar.

### Oppsummering tiltak

Ekstremvêret Hans som råka Ål i august har kravd stor ekstrainnsats og gjer det framleis.

Revisjon av kommuneplanens arealdel (bustad og næring) nærmar seg sluttinnspurt.

15 nye utleigebustader har vore under bygging. (ved årsskiftet var 3 innflyttingsklare og pr. mars-24 er 9 av dei innflyttingsklare og resten blir klare i løpet av våren).

ENØK-tiltaka med nye ventilasjonsanlegg ved Nedre-Ål skule og Tingstugu vil gi gevinstar når det gjeld luftkvalitet og straumforbruk.

Prosjekt bu- og blilyst engasjerer mange og 78 personar/familiar har fått tilsegn om tilskot til 1. gongs kjøp eller bygging av bustad i Ål. Ved årsskiftet var kvar 5. tilskotsmottakar tilflyttar.

## Utvikling og utfordringar

### Årsverk

| Org.eining                      | I år 2023    |          |             |              |
|---------------------------------|--------------|----------|-------------|--------------|
|                                 | Faste        | Vikar    | Mellombels  | Total        |
| Kommunalsjef Drift og utvikling | 0,78         | 0        | 0           | 0,78         |
| Veg og park                     | 9,50         | 0        | 0           | 9,50         |
| Utvikling                       | 13,15        | 0        | 1,00        | 14,15        |
| Reinhald                        | 21,95        | 0        | 0,00        | 21,95        |
| Byggforvaltning                 | 11,40        | 0        | 0,00        | 11,40        |
| <b>Total</b>                    | <b>56,78</b> | <b>0</b> | <b>1,00</b> | <b>57,78</b> |

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,76 %  | 2,12 %  | 4,88 %          |

### Status sjukefråvær og HMS

Samla for sektoren er sjukefåveret relativt lågt, men avdeling reinhald har det høgaste sjukefråveret.

### Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Hovudsatsingsområda i 2023 innan HMS har vore opplæring og gjennomgang av rutine og handtering av farlege stoff i avdeling reinhald.

### Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost

#### Status økonomi

Beløp i 1000

| Tjenesteområde           | Rekneskap     | Rekneskap     | Rev. bod. | Avvik i kr   | Avvik i %    |
|--------------------------|---------------|---------------|-----------|--------------|--------------|
|                          | 2022          | 2023          | 2023      |              |              |
| 700-Sjølvkost vatn       | -2 460        | -1 291        | 0         | 1 291        | 0,0 %        |
| 710-Sjølvkost avløp      | -5 683        | -4 830        | 0         | 4 830        | 0,0 %        |
| 730-Sjølvkost slam       | 9             | -23           | 0         | 23           | 0,0 %        |
| 740-Sjølvkost renovasjon | 1 326         | 1 220         | 0         | -1 220       | 0,0 %        |
| <b>Sum</b>               | <b>-6 807</b> | <b>-4 924</b> | <b>0</b>  | <b>4 924</b> | <b>0,0 %</b> |

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

### Rekneskap

*Beløp i 1000*

|  | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Rekneskap<br/>2023</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Avvik i kr</b> | <b>Avvik i %</b> |
|--|---------------------------|---------------------------|----------------------|-------------------|------------------|
| Lønn   | 9 337                     | 7 158                     | 6 458                | -700              | -10,8 %          |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 7 626                     | 8 326                     | 6 325                | -2 001            | -31,6 %          |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 17 029                    | 19 138                    | 14 370               | -4 768            | -33,2 %          |
| Overføringsutgifter  | 217                       | 0                         | 877                  | 877               | 100,0 %          |
| Finansutgifter   | 782                       | 0                         | 0                    | 0                 | 0,0 %            |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>34 991</b>             | <b>34 622</b>             | <b>28 030</b>        | <b>-6 592</b>     | <b>-23,5 %</b>   |
| Salsinntekter  | -36 668                   | -36 767                   | -26 804              | 9 963             | -37,2 %          |
| Refusjonar   | -4 517                    | -2 384                    | -874                 | 1 510             | -172,8 %         |
| Overføringsinntekter   | 0                         | 0                         | -352                 | -352              | 100,0 %          |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | -614                      | -394                      | 0                    | 394               | 0,0 %            |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-41 799</b>            | <b>-39 545</b>            | <b>-28 030</b>       | <b>11 515</b>     | <b>-41,1 %</b>   |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>-6 807</b>             | <b>-4 924</b>             | <b>0</b>             | <b>4 924</b>      | <b>0,0 %</b>     |

### Kommentar til status økonomi

### Utvikling og utfordringar

### Årsverk

| Org.eining                     | I år 2023   |          |            |             |
|--------------------------------|-------------|----------|------------|-------------|
|                                | Faste       | Vikar    | Mellombels | Total       |
| Sjølvkost vatn                 | 3,00        | 0        | 0          | 3,00        |
| Sjølvkost avløp                | 5,03        | 0        | 0          | 5,03        |
| Sjølvkost slam                 | 0,48        | 0        | 0          | 0,48        |
| Sjølvkost renovasjon           | 0,21        | 0        | 0          | 0,21        |
| Sjølvkost avløp – avløpstilsyn | 1,00        | 0        | 0          | 1,00        |
| <b>Total</b>                   | <b>9,72</b> | <b>0</b> | <b>0</b>   | <b>9,72</b> |

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,23 %  | 0,00 %  | 1,23 %          |

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

### Interkommunale tenester

#### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tjenesteområde   | Rekneskap    | Rekneskap    | Rev. bod.     | Avvik i kr   | Avvik i %     |
|--|--------------|--------------|---------------|--------------|---------------|
|  | 2022         | 2023         | 2023          |              |               |
| 800-Kyrkja   | 5 645        | 6 386        | 6 386         | 0            | 0,0 %         |
| 810-Tretterud eldrebo                                    | -161         | -156         | 2             | 158          | 7896,5 %      |
| 820-Regionrådet  | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 830-Ål kraftverk KF                                      | 0            | 1 292        | 10 263        | 8 971        | 87,4 %        |
| 840-Hallinghelse   | 0            | -24          | 0             | 24           | 0,0 %         |
| 850-IMA – Intermediær avdeling                           | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 860-Interkommunal legevakt                               | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 870-Felles barnevern Hallingdal                          | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 875-PPT Ål og Hol – interkommunalt                       | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 880-KAV – Interkommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| 890-Fagansvar helse- og omsorg (Sikker sone)             | 0            | 0            | 0             | 0            | 0,0 %         |
| <b>Sum</b>   | <b>5 484</b> | <b>7 499</b> | <b>16 651</b> | <b>9 152</b> | <b>55,0 %</b> |

#### Rekneskap

*Beløp i 1000*

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023   | Avvik i kr    | Avvik i %      |
|--|-------------------|-------------------|-----------------|---------------|----------------|
| Lønn   | 5 632             | 68 802            | 65 360          | -3 442        | -5,3 %         |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 157               | 20 142            | 16 075          | -4 067        | -25,3 %        |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar communal eigenproduksjon | 0                 | 41 245            | 35 840          | -5 405        | -15,1 %        |
| Overføringsutgifter  | 5 664             | 11 378            | 21 468          | 10 090        | 47,0 %         |
| Finansutgifter   | 0                 | 3 284             | 0               | -3 284        | 0,0 %          |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>11 453</b>     | <b>144 850</b>    | <b>138 743</b>  | <b>-6 107</b> | <b>-4,4 %</b>  |
| Salsinntekter  | -269              | -1 632            | -200            | 1 432         | -716,0 %       |
| Refusjonar   | -5 700            | -134 840          | -121 892        | 12 948        | -10,6 %        |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner                    | 0                 | -879              | 0               | 879           | 0,0 %          |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-5 969</b>     | <b>-137 351</b>   | <b>-122 092</b> | <b>15 259</b> | <b>-12,5 %</b> |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>5 484</b>      | <b>7 499</b>      | <b>16 651</b>   | <b>9 152</b>  | <b>55,0 %</b>  |

#### Kommentar til status økonomi

2901 Interkommunale tiltak Helse og omsorgssektoren har vertskommuneansvar for:

8600 PPT for Hol og Ål

8700 Fagkoordinator IKT

## Årsmelding 2023 – Ål kommune

8510 Intermediæravdeling Hallingdal sjukkestove

8520 Hallingdal legevaktsentral

8500 Hallinghelse

rekneskap blir fordelt mellom kommunane og vil synse seg i rekneskap på teneste og ansvarsområde.

Desse tiltak skal gå i 0 ved årsoppgjer.

### Årsverk

| Org.eining   | I år 2023    |          |             |              |
|--|--------------|----------|-------------|--------------|
|  | Faste        | Vikar    | Mellombels  | Total        |
| Regionrådet  | 2,50         | 0        | 1,00        | 3,50         |
| Ål kraftverk KF                                      | 1,00         | 0        | 0,00        | 1,00         |
| Hallinghelse   | 6,50         | 0        | 1,50        | 8,00         |
| Interkommunal legevakt                               | 6,05         | 0        | 2,36        | 8,41         |
| Felles barnevern Hallingdal                          | 23,70        | 0        | 0,20        | 23,90        |
| PPT Ål og Hol – interkommunalt                       | 7,20         | 0        | 0           | 7,20         |
| KAV – Interkommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning | 3,30         | 0        | 0           | 3,30         |
| Fagansvar helse- og omsorg (Sikker sone)             | 1,00         | 0        | 0           | 1,00         |
| <b>Total</b>   | <b>51,25</b> | <b>0</b> | <b>5,06</b> | <b>56,31</b> |

### Sjukefråvær

| Fråvær                 | Korttid | Langtid | Samla<br>fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,65 %  | 7,71 %  | 10,36 %         |

### Status sjukefråvær og HMS

2901 Interkommunale tiltak helse:

PPT har det høgaste sjukefråværet med totalt 16,54 %. Av dette utgjer langtidsfråvær 13,09 % og korttidsfråvær på 3,44 %

### Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Det blir jobba med helsefremjande tiltak særskilt opp mot PPT. Høgt arbeidspress, endring frå interkommunalt tiltak til lokalt, i tillegg til

## Finans

### Rekneskap

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2022 | Rekneskap<br>2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr    | Avvik i %       |
|--|-------------------|-------------------|---------------|---------------|-----------------|
| Lønn   | -11 965           | -13 269           | -3 791        | 9 478         | -250,0 %        |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon  | 0                 | 0                 | 0             | 0             | 0,0 %           |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 256               | 4 159             | 5 739         | 1 580         | 27,5 %          |
| Overføringsutgifter  | 83                | 97                | 0             | -97           | 0,0 %           |
| <b>Sum Driftsutgifter</b>  | <b>-11 626</b>    | <b>-9 013</b>     | <b>1 948</b>  | <b>10 961</b> | <b>562,7 %</b>  |
| Salsinntekter  | -5 153            | -5 086            | -5 739        | -653          | 11,4 %          |
| Refusjonar   | -481              | -4 227            | -680          | 3 547         | -521,7 %        |
| Overføringsinntekter   | -380              | 0                 | 0             | 0             | 0,0 %           |
| <b>Sum Driftsinntekter</b>                                       | <b>-6 013</b>     | <b>-9 313</b>     | <b>-6 419</b> | <b>2 894</b>  | <b>-45,1 %</b>  |
| <b>Netto resultat</b>  | <b>-17 640</b>    | <b>-18 326</b>    | <b>-4 471</b> | <b>13 855</b> | <b>-309,9 %</b> |

### Kommentar til status økonomi

Posten løn inneholder pensjonsinnskot KLP og SPK for heile kommunen med 26,6 mil. Kr. Premieavviket er også ført på denne posten med eit positivt premieavvik (inntekt for kommunen) på netto kr 40 mill. kr.

Vestre Viken si leige av Hallingdal sjukestove ligg som ei husleigeinntekt på 2,5 mill. under fellesområdet finans.